




Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2027

Planperiode 2016 - 2019

Langtidsprogram 2020 - 2027

Handsama:

2
0
1
5



Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2027

Vedteke av Luster kommunestyre 17.12.15 i K-sak 87/15.

Innhaldet i planen:

A 1	Planprosessen	3
B 1	Resultatvurdering handlingsplan 2012 - 2015.....	4
C 1	Målet er	6
C 2	Overordna mål med denne planen er:	6
C 3	Kva er idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet?	6
C 4	Kven har det overordna ansvaret?	6
C 5	Nasjonale mål for idrett og fysisk aktivitet	6
C 6	For å kunna nå målet om auka aktivitet	7
C 7	Nasjonale mål for friluftsliv	7
C 8	Kommunalt mål for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	7
C 9	Utfordringar for å nå målet	7
C 10	Bakgrunnen for planen	8
C 11	Overordna planar.....	8
C 12	Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og folkehelse.....	8
C 13	Planlegging av anlegg for finansiering med spelemidlar	9
C 14	Idrettsfunksjonell godkjenning før byggestart	10
C 15	Sikring av areal for idrett og friluftsliv	10
C 16	Finansiering av anlegg	10
C 17	Anleggsrekneskap utskilt frå den ordinære drifta	11
C 18	Konsekvensar ved brot på krav.....	101
C 19	Drift og vedlikehald	11
C 20	Kommunalt tilskot til drift og mindre vedlikehald	12
C 21	Kommunalt tilskot til større vedlikehald	12
C 22	Ansvarsfordeling og brukarmedverknad	12
C 23	Vurdering av behov for anlegg, fysisk aktivitet og friluftsliv	12
C 24	Anlegg der tildeling skal styrast av regional plan	12
C 25	Status som kommuneanlegg - idrett.....	13
C 26	Generelle prioriteringskriterier	13
C 27	Nærmiljøanlegg	14
C 28	Prioriteringskriterie nærmiljøanlegg	14
C 29	Fysisk aktivitet	14
C 30	Prioriteringskriterie fysisk aktivitet	14
C 31	Friluftsliv	15
C 32	Prioriteringskriterie friluftsliv	15
C 33	Prioritering av nye anlegg - idrettsrådet si rolle	15
C 34	Folkehelsearbeid og kommunane sitt ansvar	15
C 35	Utgreiingsarbeid jfr. kommuneplanen	16
C 36	Rehabilitering.....	17
C 37	Kommunalt engasjement/drift av anlegg for friluftsliv.....	17
C 38	Nedlegging og ombruk av eldre anlegg	17
D 1	Planar om nye anlegg	18
D 2	Anlegg som er planlagt nedlagt	18
D 3	Registrering av innspel til planarbeidet	18
D 4	Analyse og planstrategi	47
E 1	Kort- og langsiktig planperiodar (pkt. E1 - E6)	48
E 2	Budsjettet for 2015 og økonomiplan viser ei slik fordeling av midlane.....	48
E 3	Handlingsplan for anlegg (nybygging)	48
E 4	Handlingsplan for anlegg 2016 - 2019	48
E 5	Anleggsbehov - langsiktig del etter 2020	48
E 6	Handlingsplan for aktivitet	48
E 7	Anlegg eom er styrt av regional plan	49
Vedlegg til planen		50
	Registreing av lokale lag	
	Tilskotsordningar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	
	Anleggsregister for Luster kommunen pr. 8. juli 2015	
	Skjema for innspel til planarbeidet	
	Bakgrunnsmateriale for ein idrettsfunksjonell godkjenning	
	Handlingsplan for ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg 2016 - 2019	

A 1 Planprosessen

Planperioden er over 4 år (2016-2019) med eit langtidsprogram som syner anleggsutbygging etter 2019. Handlingsprogrammet kan rullerast årleg, eller når det er nødvendig i forhold til budsjett- og søknadsrutine. Sjølve planen har revisjon i kvar periode (ca. kvart 4. år). Sist revisjon vart handsama av kommunestyret, K-sak 15/12, 16. februar 2012.

A 2 Revisjon og sakshandsaming av planen tek eitt år

- Alle aktuelle lag- og organisasjonar vert kontakta gjennom informasjonsmøte og via brev og annonse i lokalavisa. Det vert oppmoda om å koma med **innspel** til planen innan ein gitt tidsfrist (1. mai).
- Innspela vert vurderte og lagde fram for Det faste utvalet for plansaker (FUP) saman med **framlegg til revidert plan**.
- FUP vedtek å leggja framlegg til revidert plan ut til **offentleg høyring**.
- Offentleg høyring i fire veker. Det vert sett inn annonse om **høyringsfristen** i lokalavisa og framlegget til ny plan vert lagt ut til offentleg ettersyn.
- Før høyringsfristen går ut må eventuelle **merknader** til den nye planen sendast kommunen. Det er no for seint å komma med nye innspel til planen.
- Alle merknader vert vurderte og lagde fram for FUP med rådmannen si tilråding.
- Planen går ev. vidare til **endeleg vedtak** i kommunestyret.

VIKTIG: Dersom det vert gjort vesentlege endringar i planen etter at den har vore ute til offentleg høyring, må planen ut til ny høyring med ny merknadsfrist, før planen kan vedtakast i kommunestyret.

A 3 Saksgangen til no

- Administrasjonen informerte i ope møte i samarbeid med Frivilligskulen **13.november 2014** om planprosess, planarbeidet og om krav til dokumentasjon av innspela.
- Eit informasjonsmøte vart gjennomført **04. februar 2015** der kvalitet på søknader, krav til formelle vilkår for å søke spelemidlar og rutinen for innspel til planen var tema.
- Lag- og organisasjonar, i tillegg til alle anleggseigarar, vart varsla om oppstart av planarbeidet i brev datert **09. februar 2015**.
- Det vart annonsert oppstart og informert om rutinen for innspel i Sogn Avis , den **07. februar 2015**, og på kommunen si heimeside på internett.
- Alle lag og organisasjonar som har hatt behov for å døfte sine innspel med kommunen har fått høve til det, og det er gjennomført synfaringar på alle inspela og der det har synt seg nødvendig er det utført eit administrativt førearbeid, .
- Ungdommen sitt kommunestyre drøfta saka om innspel til ny plan den 20.04.2015, og utarbeida framlegg til nye tiltak.
- Representantar for kommunale einingar og frivillige organisasjonar deltok på møte i Gaupne den 31. april der også fylkeskommunen og idrettskrinsen i S&Fj. deltok.
- Frist for å koma med innspel vart sett til **01. mai 2015**.
- 1. gongs handsaming i formannskapet (som planutval) den 14.10.2015.
- Offentleg utlegging frå 17.10. 2015 til 16.11. 2015.
- Vedtak i formannskapet den 09.12. 2015, og vedtak i kommunestyret den 17.12. 2015.
- Grunnar til at ein plan vert lagt ut på ev. ny offentleg høyring kan vera at anlegg som først var plasserte i den langsiktige delen av planen no vert teke inn i den prioriterte, 4 års handlingsplanen. Ei onnor årsak er vedtak om omprioritering i handlingsplanen, eller at det vert gjort vesentlege endringar i kostnads- / finansierings- delen.

B 1 Resultatvurdering handlingsplan 2012-15

Utviklinga i kommunen i forrige planperiode

Generelt for kommunen har det vore ein folketalsauke frå 5026 (1.1.12) til 5097 (1.4.15).

Oversikten over tal medlemar som soknar til dette plan-temaet viser likevel stabilitet om enn noko synkande tal for dei under 20 år frå 2012 t.o.m 2014.

Rapport medlemstal i lag og organisasjonar i Luster kommune

Organisasjonstype	Medlemar totalt 2010	derav medl. under 20 år	Medlemar totalt 2012	derav medl. under 20 år	Medlemar totalt 2014	derav medl. under 20 år
Idretts- og friluftsorganisasjonar	3145	1100	3538	1119	3660	1044
Song og musikk organisasjonar	241	88	231	81	173	59
Barne - og ungdomslag	317	249	498	383	434	367
Andre lag: sogelag, vel-foreining ,FA	862	147	553	117	547	94
SUM:	4565	1584	4820	1700	4814	1564

Som politisk og administrativt styringsreidskap

Planen har fungert etter intensjonen. Graden av lokal medverknad i planarbeidet varierer.

Planprosessen for anleggseigarar, bygdelag og friluftsinteresserte har synt vesentleg fagleg standardauke også i denne perioden.

Politisk er planen ein viktig reiskap i samband med prioritering av søknader om kommunalt tilskot til nærmiljøtiltak, og det er ein føresetnad at anlegga er nemnde i planen for å oppnå prioritet i søknader om spelemedilar og om tilskot til refusjon for drift.

Bruk av planen i lag og organisasjonar

Planarbeid er generelt lågt prioritert i dei frivillige organisasjonane. Kunnskapane om offentleg planlegging og planprosessar er varierande, og dette er i noko grad med på å påverke planprosessen i form av forbruk av tid. Gjennom pågående revisjon har kommunen lagt særleg vekt på å få organisasjonane til å forankre innspela i eigne anleggsplanar med prioritet for kvart innspele, og bindande vedtak i årsmøtet for det som gjeld finansiering og forbruk av eigenkapital og dugnadsinnsats.

Som bakgrunn for søknader om spelemedilar

Gjennom møteverksem og direkte dialog med søkerar har det vore viktig å konkretisere krava for å kunna søkja om spelemedilar. Tre tema har vore gjennomgåande: formelle avtalar om areal, kostnadsoverslag/finansieringsplan og til sist: søkeren sine eigne føresetnader, eller i eit formelt samarbeid med andre, for å drifte tiltaket.

Når det gjeld sikring av areal

Denne planen har vorte nytta til å sikre areal i Kommuneplanen sin arealdel som vart revidert i 2015. For enkelte anlegg er også prosessen med å sikre seg avtalar om areal tungte både å starta og avslutta.

Som bakgrunn for søknader om kommunalt tilskot

Kommunal plan er viktig i samband med handsaminga av søknader om tilskot til nærmiljø-tiltak, og det er ein føresetnad at anlegga er nemnde i denne planen.

Det er framleis eit mål å gjera det enklare å forstå krava til dokumentasjon i ein søknad, og prioritiseringskriterie. Det er også viktig at formelle krav framleis er «krav» når ein kjem til handsaminga av søknader og politisk prioritering.

Kva er gjennomført / ikkje gjennomført ut frå politiske vedtak

Planen (2012-15) la opp til ei sterkare prioritering av nærmiljø- og anlegg for friluftsliv.

Oversyn over realiserte anlegg i perioden 2012 - 2015:

Anleggsnr.:	Namn på anlegget:	1. års godkj.	Budsjett:	Rekneskap:	Innvilga tilsk.:	Tilskot L.K.	Spelemidlar	Merknad:
1426006001	Skianlegg Leirdalen	2009	360000		2013	120000	0	ordinært anlegg
1426006201	Serviceanlegg, Krossen	2010	213125	270513	2014	181000	103000	ordinært anlegg-friluft
1426006601	Orienteringskart	2012	286200	286200	2012	95000	95000	ordinært anlegg
1426007801	Kulturløype Wittgenstein	2012	597500	394702	2012	170000	197500	nærmiljøanlegg
1426006801	Ballbinge Galden	2012	722615	722615	2013	200000	200000	nærmiljøanlegg
1426000404	Lagerbygg Skjolden stad.	2012	403000	284591	2015	63000	103000	ordinært anlegg
1426001408	Snøprod.anl. Sogn skisent	2011	2603000	2646654	2012	700000	700000	ordinært anlegg
1426000709	Ballbane 7'ar Hafslo b&us	2012	2885823	3012060	2014	1154842	946000	ordinært anlegg
1426007901	Serviceanlegg, Krundalen	2012	270400	318834	2014	180000	118000	ordinært anlegg-friluft
1426001411	Sprintløype Sogn skisent	2012	606250					ordinært anlegg
1426008001	Dagsturhytte, Molden	2014	431000		2014	287000	0	ordinært anlegg-friluft
1426000804	Ballbinge, Veitastrand	2015	583800			50% 100000		nærmiljøanlegg

Årleg resultatvurdering som grunnlag for utvikling av kommunen sin økonomiplan

Vurderingane vert til ei kvar tid gjorde opp mot revisjon av tilskotsordningar og årsbudsjett. I samband med justeringane av reglementet for tilskot til kulturføremål har det særleg vorte peika på misforholdet mellom gjeldande reglement som opnar for 50% refusjon for drift og vedlikehaldsutgifter og avgrensinga i budsjettet som har resultert i ein refusjonsprosent på 31% (2015).

Tilskot til nærmiljøtiltak er ei rein kommunal tilskotsordning. Denne ordninga kan nyttast til finansiering av den kommunale andelen i finansieringa av anlegg for leik og eigenorganisert aktivitet og til refusjon for driftsutgifter. Av budsjettmessige grunnar har det i planperioden ikkje vore rom for nye tiltak utanom refusjon for drift.

Gratisprinsippet med utleige av kommunale anlegg og lokale til kulturføremål er vidareført.

C 1 Målet er

C 2 Overordna mål med denne planen er:

Å få fleire av innbyggjarane i Luster kommune fysisk aktive, og Fysisk aktivitet betrar helsa og aukar trivselen.

C 3 Kva er idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet?

Idrett: Dei fleste former for idrett er organisert, fysisk aktivitet. Enkelt sagt kan ein skilja idrett frå anna fysisk aktivitet ved at når det gjeld idrett så er det å trena mot konkurransar.

Fysisk aktivitet: Fysisk aktivitet er eit langt meir omfattande enn både idrett og friluftsliv. I denne planen er fysisk aktivitet alle former for fysisk mosjon. Eksempel på fysisk aktivitet er å trilla ei barnevogn, spasere i ditt eige tempo langs opparbeida gang- og sykkelvegar, små rusleturar i park og nære friområde, barneleik, riding, turar i skog og mark, trening etter musikk og dans.

Friluftsliv: Friluftsliv er oftast ei eller anna form for fysisk aktivitet ute i naturen. Fotturar utanfor gang- og sykkelvegar og skiturar er dei vanlegaste og viktigaste friluftsaktivitetane. Også jakt og fiske er viktige friluftsaktivitetar. I seinare år har også nye former for friluftsaktivitet vakse fram, som t.d. ulike aktivitetar på fjorden, i elvar og i lufta.

C 4 Kven har det overordna ansvaret?

- **Kulturdepartementet** har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på områda kultur, idrett, frivillig verksemd og pengespel og lotteri.
- **Klima- og miljødepartementet** har ansvar for den statlege friluftspolitikken
- **Arbeids- og sosialdepartementet** brukar fysisk aktivitet som eit verkemiddel i det førebyggande og rehabiliterande helsearbeidet.
- **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet** har eit ansvar for barn og unge sine oppvekst- og levekår, familie og samliv og integrering av innvandrarar.

C 5 Nasjonale mål for idrett og fysisk aktivitet

- Idrett for alle.
- Statlege midlar til idrettsføremål må fordelast slik at dei kjem den frivillige, medlemsbaserte idretten til gode.
- Dei statlege midlane skal stimulera til og styrka høva for utøving av eigenorganisert fysisk aktivitet.
- Barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år) er dei primære målgruppene.
- Anlegg i lokalmiljøet retta mot barn og fysisk aktivitet, både organisert og eigenorganisert, vil verta prioritert.
- Anlegg for ungdom må utviklast slik at dei tilfredstiller ungdommens behov for utfordringar og variasjon. Ungdom må få høve til å medverka i utforming av anlegga og anlegga bør fungera som sosiale møteplassar i lokalsamfunna.
- Det skal satsast på anleggstypar som kan brukast av mange og som gir høve til eigenorganisert fysisk aktivitet.
- Det vert retta større fokus på nærmiljøanlegg i tilknyting til uteområda ved skulane.
- Prioritering av rehabilitering vil verta vidareført.

Samandrag av Stortingsmelding nr. 14 (1999 - 2000) Idrettslivet i endring.

Melding til Stortinget, nr. 26 (2011- 2012) Den norske idrettsmodellen.

C 6 For å kunna nå målet om auka aktivitet må planen vera:

- ⇒ lett å forstå
- ⇒ oppmuntre til større aktivitet i lokale lag og organisasjoner
- ⇒ oppmuntre til større eigeninnsats

C 7 Nasjonale mål for friluftsliv

- Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.
- Barn og unge skal gjevast høve til å utvikla ferdigheter i friluftsliv.
- Områder av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennlig ferdsel, opphold og hausting vert fremma og naturgrunnlaget vert bevart.
- Ved bustader, skular og barnehagar skal det være god tilgang til trygg ferdsel, leik og anna aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur som har god kontakt til omkring-liggjande naturområde.

C 8 Luster kommune sine mål for meir fysisk aktivitet + friluftsliv

- Oppretthalda og vidareutvikla eit livskraftig Lustrasamfunn.
- Kommunen må ha anlegg som er attraktive for ei stor brukargruppe. Ved å gi innbyggjarane gode tilbod i form av tidhøvelege anlegg for idrett og friluftsliv vil dette virka stabiliserande på både busetnadsmønster og bygdemiljø. Dette er viktige for at folk skal trivast og for at ungdom skal ha eit godt oppvekstmiljø.
- Sikre forsvarleg teknisk stand på eksisterande anlegg.
- Kommunen vil satse på godt utbygde sentralanlegg samt allsidige lokalanelegg.
- Satse på eitt sentralt konkurranseanlegg for innandørsidrettar, fotball og skisport.
- Prioritere bygging av fleirbruksanlegg, dvs. anlegg som aktiviserar flest mogleg og som samstundes kan vera ein sosial samlingsstad for så vel unge som eldre i kommunen. Fleirbruk av anlegg er eit tiltak for å kunna redusera driftskostnadene.
- Setje krav til brukarmedverknad i forhold til bygging og drift.
- Gi alle høve til eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv i nærområdet der dei bur.
- Ha attraktive nærmiljøanlegg og friområde i alle byggefelt og ved alle barnehagar og skular. Desse nærmiljøanlegga og friområda bør ha samanhengande, sikre og mest mogeleg grøne korridorar ut mot større naturområde.
- Leggja tilhøva til rette for at flest mogleg kan få oppleva og gjera seg nytte av den ressursen naturen, både fjord og fjell, representerer ved "tilgjenge for alle".
- Driva eit haldningsskapande arbeid der ein stimulerer til auka fysisk aktivitet og friluftsliv som førebyggande helsepolitikk og som verkemiddel for å auke trivsel og lokalkunnskap.

C 9 Utfordringar for å nå målet

Fysisk aktivitet har mest vorte brukt i samanheng med anlegg for konkurransar og idrett. No er Luster kommune meir oppteken av å sjå nærare på korleis planen kan skapa, formidla og forsterka eit ynskje og ei haldning til å nyta dei tilboda kommunen alt har i form av anlegg og natur til friluftsliv og fysisk aktivitet. Utfordringane er fleire og samansette. Fyrst og fremst må kvar enkelt innbyggjar få lyst til å vera fysisk aktiv. Neste steg vert å konkretisera kva som må gjerast for å få auka aktivitet og korleis kommunen best kan leggja til rette for å få auka den samla aktiviteten.

Fjorden har til no vore lite nytta til friluftsliv. Allmenn ferdsel med båt, ulike former for arrangement og konkurransar og lett tilkomst til fjorden bør prioriterast.

Dei grøne nærområda rundt bustadområda våre må få auka status og inngå i heilheitlege planar. Samanhengande turvegsystem med tilgjenge for alle frå bustad til friområde / friluftsområde i tettstadene i kommunen er eit gode for alle. Og ikkje minst kan dei mange stiane og turløypene som finst både i skog og til fjells, fram til stølsanlegg og i naturfreda område, danna eit utgangspunkt for både naturopplewingar, kulturopplewingar og friluftsliv. Kommunen er også oppteken av at informasjon om anlegg og fysisk aktivitet er utforma slik at brukarane med lettheit kan finna den aktiviteten som ein ynskjer å delta i. På denne måten kan ein sjølv bestemma kor lang, tung og krevjande den fysiske aktiviteten treng å vera. Luster kommune vil ha eit aktivitetstilbod til alle – uansett alder, kjønn, fysisk form og eventuelle handikap.

Ved å gjera fysisk aktivitet til noko som er moro og populært vil kommunen samla sett sitja att med ein større gevinst både når det gjeld trivsel og helse. Utfordringa vert å finna fram til tiltak som mange - i dag lite fysisk aktive innbyggjarar - ynskjer og klarar å vera med på. Godt organiserte idrettslag og friluftslivsorganisasjonar er ein av føresetnadene for suksess. Kommunen har her eit ansvar for å sikre finansieringa av drifta og ev. anlegg.

C 10 Bakgrunnen for planen

I 1994 innførte Kulturdepartementet eit krav om at alle kommunar skal ha ein kommunal plan for idrett og friluftsliv. Prioriteringar i planen vert også lagt til grunn for kommunalt tilskot til nærmiljøtiltak og disponering av budsjetterte midlar til gjennomføring av driftsoppgåver på anlegg for friluftsliv.

C 11 Overordna planar

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er underlagt:

- ⇒ **Kommuneplan** for Luster kommune
- ⇒ **Økonomiplan** for Luster kommune
- ⇒ **Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv**

C 12 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Mål for den regionale planen er (visjon):

"Det er viktig at så mange som mogeleg har ei positiv oppleving av eige liv og helse. Regionen vår har behov for at flest mogeleg bidreg i samfunnsutviklinga, og atfærrast mogeleg treng hjelp for å meistre kvardagen. Fysisk aktivitet bidreg til dette og gjev auka livskvalitet".

- Alle bumiljø gjev lett tilgang til eit enkelt friluftsliv og har aktivitetsskapande nærmiljøanlegg.
- Alle kommunar og idrettslag har strategiar som reduserer barrierer knytte til fysisk aktivitet, alle kommunar har trygge skulevegar.
- Alle skular innfører ein time fysisk aktivitet som integrert del av skulekvarden, og alle har god tilgang til anlegg og arenaer for variert organisert og eigenorganisert fysisk aktivitet.

Denne planen for Luster kommune er eit innspel til framtidig revisjon av regional plan.

Utfordringa vert å finna fram til tiltak som mange - i dag lite fysisk aktive innbyggjarar - ynskjer og klarar å vera med på.

Berre gjennom personleg ynskje og haldningar vil innbyggjarane ta i bruk anlegg og natur til fysisk aktivitet.

C 13 Planlegging av anlegg for finansiering med spelemidlar

Vegen fram til ein prioritert søknad stiller konkrete krav til innhald og dokumentasjon. Eln viktig fase er søkeren sin eigen anleggsplan, dvs. ein plan som omhandlar søkeren sitt behov og omfanget av anlegget (teknisk utforming), kostnadsvurdering og finansiering. Herunder også ein kort omtale av eigen prosess i forhold til involvering av brukarane – særleg barn og unge sin medverknad.

Vidare er avtalar om nødvendig areal, herunder avklaringar i forhold til tilkomst og parkering i tillegg til sjølve utbyggingsområdet med tryggleiksone markert på kart, viktig dokumentasjon. Det skal også gå fram av planen løysingar som underbyggjer målsetjinga om universell utforming.

Miljøtilpassing skal innehalde ein omtale av løysingar som viser at planen vil bli konsekvensvurdert i forhold til miljømessige utfordringar

For større anlegg er det viktig med ein omtale av anleggsperiode og av anleggsarbeidet.

Avslutningsvis skal det for kvart anlegg vera med ei avklaring og konkretisering av kva som inngår i ein driftsplan for anlegget, forventa kostnader og organisering av drifta og vedlikehaldsrutinar, sjå pkt. C19.

For arbeidet med den kommunale planen er det strategiske milepælar i planprosessen:

1. Informasjonsutveksling – viktig fase dersom det oppstår (har oppstått) formelle problem særleg i forhold til areal og/eller andre spesifikke krav / tilhøve
 2. Avklaring på anleggskategori for ev. søknad
 3. Avklaring på tidsfristar for fremjing av intern-plan i den kommunale planprosessen
 4. Samordning og idrettspolitisk vurdering i Luster idrettsråd som innstiller overfor L.K.
 5. For alle anlegg som har føresett kommunal medverknad i finansieringa skal anlegget innarbeidast og prioriterast i den fire-årlige handlingsplanen.
 6. Avklaring i forhold til PBL (plan- og bygningslova) og idrettsfunksjonell godkjenning
 7. For nye anlegg skal kommunen registrere anlegget i sentralt anleggsregister før...
 8. Søkaren kan utforme søknaden på web-sida: idrettsanlegg.no
 9. Søknaden vert automatisk overført kommunen som skal handsame og ev. godkjenne søknaden før oversending og slutthandsaming av fylkeskommunen.
- Anleggsarbeidet SKAL først starte etter at det er gitt formelt løyve på godkjent plan.
 - Før det førekjem registrering av utgifter skal det oppretta ein anleggskonto.
 - Eigenkapitalen skal vera overført til denne kontoen.
 - Hovudpostane i rekneskapen skal vera dei same som postane i det godkjende kostnadsoverslaget og finansieringsplanen. Det skal ligga føre vedlegg over alle ut- og innbetalingar,
 - for vidare oppfylgjing vert det synt til publikasjonen: Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

C 14 Idrettsfunksjonell godkjenning før byggestart

I samsvar med den informasjonen som gjeld for innsubmitting og sakshandsaming av spelemiddelsøknader er det særleg eitt tilhøve som søkerne MÅ vera merksame på. Planen for det anlegget som det vert søkt tilskot til, må på førehand vere idrettsfunksjonelt godkjend av departementet, eller vedkomande som dept. har gitt fullmakt (Sjå informasjon som er gitt i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet", og som du kan lesa meir om via web – www.idrettsanlegg.no)

Den idrettsfunksjonelle godkjenninga skal dokumenterast med brev frå den som har godkjent planen og stempla teikningar. Varigheita til den idrettsfunksjonelle godkjenninga er 2 (to) år. Ved fornya søknad der arbeidet ikkje er påbyrja må søkeren passe på at den idrettsfunksjonelle godkjenninga er gyldig, dvs. utskriven i løpet av dei to siste åra. Bakgrunnsmateriale for ein idrettsfunksjonell godkjenning vil variere med type anlegg, men generelt skal areal, budsjett / finansiering, drift og miljøomsyn presenterast for godkenningsinstansen saman med teikningar og kartplassering. Sjå eige vedlegg til denne planen.

C 15 Sikring av areal for idrett og friluftsliv

Sikring av areal er ein grunnleggjande føresetnad når det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet på anlegg og i friluftsliv. Areal kan sikrast gjennom arealdelen i kommuneplanen. For å kunna oreigna areal må dette sikrast gjennom reguleringsplan eller utbyggingsplan.

Ved utarbeiding av nye kommune(del)planar og reguleringsplanar er det viktig med eit godt samarbeid på tvers av etatar og interessegrupper slik at hove til å driva fysisk aktivitet og friluftsliv vert teke omsyn til.

Det er vert å merka seg den auka satsinga på nærmiljøanlegg, friområde og grøne korridorar inntil og i byggefelt, samt gang- og sykkelvegar og gangstiar som bind ulike friluftsområde og idrettsanlegg saman med nærliggjande byggefelt og skular.

C 16 Finansiering av anlegg

Den viktigaste kjelda er spelemidlane (tippemidlar), men det kan også søkast tilskot frå andre. Fylkeskommunen har ansvaret for fordeling av spelemidlane, og eitt av krava er at det aktuelle anlegget er inne i den kommunal planen.

Anlegg som stettar dei krav som vert stilte frå Kulturdepartementet og kommunen kan søke om kommunal medverknad til finansiering av anlegget.

Kommunen legg til grunn 1/3-dels regelen (dvs. 1/3 eigeninnsats, 1/3 spelemidlar, 1/3 kommunalt tilskot). Kommunen kan likevel i ein skilde saker fråvike denne regelen.

1/3-dels regelen stiller store krav til eigeninnsats. Både kommune og stat har reglar for korleis eigeninnsatsen skal dokumenterast - til dømes verdi av dugnadsinnsats og gåver. For nærmiljøanlegg deltek kommunen med finansiering frå 1/4 til 1/3 av godkjent kostnad.

C 17 Anleggsrekneskap utskilt frå den ordinære drifta

Kvart anlegg skal ha eit anleggsrekneskap som er utskilt frå laget si ordinære drift. Økonomiansvarleg / søker er til ei kvar tid ansvarleg for at budsjettet for utbygginga vert halde og at naudsynte justeringar vert formelt handsama og godkjente av dei organa som er part i utbygginga.

Kommunen vil vera til hjelp med innføring og opplæring av lokale tillitsvalde som har / vil få ansvar for driftsplanlegging og økonomistyring av anlegg som inngår i denne planen.

C 18 Konsekvensar ved brot på krav

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversyn over status til alle anlegg bygde med offentlege tilskot. Lag og organisasjoner pliktar å meddele kommunen endringar i vilkår eller teknisk tilstand for alle anlegg nemnde i denne kommunedelplanen.

Anlegg som har fått tilskot kan ikkje seljast, pantsetjast eller reduserast på anna vis utan at det i rimeleg tid er gjeve orientering til tilskotsgravar.

Dersom anlegg bygde med offentlege tilskot vert misleghaldne, kan tilskot bli inndrege. Misleghald er også avslagsgrunn på søknad om tilskot til andre anlegg eller tilskot til drift og vedlikehald.

Konsekvensar ved brot på retningslinjer og formelle krav:

(jf. Forskrifter / bestemmelser frå Det Kgl Kultur- og Kyrkjedepartement)

- 1 Generelt gjeld at dei som ikkje føl vilkåra for tilskot, gjev kommunen og fylkeskommunen rett til å krevje tilskotet attendebetalte.
- 2 Innvilga tilskot skal helst brukast i tildelingsåret. Midlar som ikkje vert nytta i løpet av to år etter at tilskotet vart innvilga, blir inndrege.
- 3 Søkarar som ikkje har levert rekneskap og sendt inn revidert rekneskapsoversyn for tidlegare innvilga og utbetalet tilskot, skal berre unntaksvis bli innvilga tilskot til eit nytt/anna anlegg.

C 19 Drift og vedlikehald

Det er i dag eit plankrav for offentlege tilskot til bygging av anlegg for idrett og friluftsliv at søkeren har utarbeida ein driftsplan. Kommunen skal ha driftsplanen til uttale og godkjenning i samband med handsaminga av søknader om tilskot sjå også pkt.C13.

Ein driftsplan skal innehalde:

1. **Bruksplan** for anlegget. Opplysningar om brukargruppe og brukstid.
2. **Driftsansvar**. Informasjon om kven som har ansvaret og om arbeidet er lønna/dugnad.
3. **Arbeidsvilkår og arbeidsoppgåver**. Korleis vert anlegget administrert, passast på og vedlikehalde? Korleis er samanhengen mellom driftsansvar og driftskostnadane?
4. **Driftsbudsjett** for anlegget på årsbasis. Oversikt over driftskostnader og driftsinntekter som viser forventa driftsoverskot / -underskot.
5. **Kapitalkostnader**. Oversikt over renter og avdrag dei nærmaste fem åra. Korleis skal desse kapitalkostnadane og eventuelt underskot skal dekkast?
6. Dokumentasjon på **tilgjenge for alle** gjennom ei idrettsfunksjonell godkjenning, eller skriftleg dokumentasjon frå teknisk inspeksjon.

C 20 Kommunalt tilskot til drift og mindre vedlikehald

Anlegg som er registrert i denne planen (les: Anleggsregisteret, sjå vedlegg), kan søkja om driftstilskot. Utgifter som inngår i godkjent søknadsgrunnlag er: forsikring, straum, avgifter (renovasjon, vatn, kloakk), drivstoff, reinhaldsmidlar, leige av areal og nødvendig vedlikehald av anlegget med ei utgiftsgrense på kr 75.000.

C 21 Kommunalt tilskot til større vedlikehald

Vedlikehaldsprosjekt på meir enn **kr 75.000** skal søkjast på før oppstart og med bakgrunn i ein vedlikehaldsplan for anlegget. Vedlikehaldsplanen inneheld budsjett og kommentar på utstyr og materiell for å kunna gjennomføra sjølve aktiviteten i/på anlegget. Planen kan strekka seg over fleire år, men skal presenterast i søknaden fyrste gong det vert søkt.

C 22 Ansvarsfordeling og brukarmedverknad

Planen har som mål å få auka brukarmedverknaden. Dette gjeld også ansvar for drift. Frivillige lag og organisasjoner har sjølve ansvaret for dei aktivitetane som vert tilbode. I nokre tilfelle vil det også vera aktuelt å tilleggja brukarar av offentlege bygg ansvar for rydding, reinhald og koordinering av aktiviteten. I alle skular og forsamlingshus eigd av kommunen vert det oppretta eit "brukarstyre" for anlegget. For Gaupne idrettshall skal det føreliggja avtale om bruk av anlegget med Luster idrettsråd.

C 23 Vurdering av behov for anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv

Luster kommune er ein geografisk stor kommune med ca. 2700 kvadratkilometer og ca. 5100 innbyggjarar. I samsvar med kommuneplanen for Luster skal Gaupne vidareutviklast som komunesenter medan Skjolden, Jostedal og Hafslø har status som bygdesenter. Denne temaplanen byggjer på sist vedteken kommuneplan.

Prioritering av nye anlegg i handlingsplanen skal avspegle den kommunale vurderinga av behovet og stette dei formelle krava som Kulturdepartementet til ei kvar tid set i føresegnene: Om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Desse føresegnene vert oppdaterte kvart år.

Luster kommune legg opp til ein tett planprosess med Luster idrettsråd og Ungdommen sitt kommunestyre i forhold til innspel, vurdering av behov og prioritering av nye anlegg.

C 24 Anlegg der tildeling skal styrrast av regional plan

Eit regionanlegg skal ha ein slik standard at det kan nyttast til nasjonale meisterskap og internasjonale konkurransar. Regional plan for anlegg fastset at det berre skal vera eitt «fylkesanlegg» for kvar idrett i fylket. Døme på anlegg skal styrrast av regional plan er: Fleir brukshallar, Alpinanlegg med høgdeskildnad på 100 m eller meir, Golfanlegg, Motorsportanlegg, Kunstgrasbaner med storlek => 60x100 m., Kunstisbaner, hoppbakkar K40 og større og Nye utandørs skytebaner. Kostnadskrevjande anlegg som skal byggast av kommunen, eller med kommunale tilskot, må vera med i kommunen sin økonomiplan for å bli prioritert i handlings-programmet i regional plan. I handlingsprammet til regional plan (2016 - 2019) har Luster kommune desse anlegga med:Luster Bad: treningsbasseng, stup og overvaking, Rulleskibane, Gaupne stadion – undervarme og motorsportanlegg.

C 25 Status som Kommuneanlegg - idrett

Eit kommuneanlegg må vera dimensjonert slik at det minimum kan arrangere meisterskap på regionnivå. Kommunen skal ha minst eit kommuneanlegg for idrettar og aktivitetar som har mange utøvarar. I Luster kommune har ni anlegg status som kommuneanlegg:

Alpin	- Sogn skisenter, Heggmyrane, Hafslo
Fotball	- Gaupne stadion
Friidrett	- Gaupne stadion
Langrenn	- Sogn skisenter, Heggmyrane, Hafslo
Miniatyrskyting	- Fjordstova, Skjolden
Skyting – leirdue	- Regdalsmo, Gaupne
Skyting - rifle	- Hillestadstølen, Hafslo
Symjing - 25 m	- Lustrabadet, Gaupne
Stup - 3 og 5 m	- Lustrabadet, Gaupne

C 26 Generelle prioriteringskriterie

- 1 Nærmiljøanlegg, anlegg for eigenorganisert leik, mosjon og friluftsliv, skal prioritast uavhengig av ordinære idrettsanlegg når det ligg føre konkrete søknader.
- 2 Rehabilitering av eldre og nedslitne anlegg vert prioriterte etter søknad for å kunna dekka endra krav til bruk og funksjonalitet. Det må leggjast fram dokumentert trong for anlegget i framtida.
- 3 Aktiviteten og kvaliteten på eksisterande kommuneanlegg må takast vare på.
- 4 Det kan med fordel verta større aktivitet på eksisterande anlegg – gjerne i samband med fleirbruksanlegg som har større breidde av aktivitetstilbod.
- 5 Både nyanlegg og eksisterande anlegg bør tilfredsstille fleire alders- og brukargruppe og kunna fungere som ein sosial treffstad. Målet er "Tilgjenge for alle."
- 6 Ved prioritering av nyanlegg for kommunalt tilskot må det i første omgang leggjast fram dokumentasjon på kva trong det er for eit nytt anlegg. Vidare må anlegget ha godkjent teknisk plan, kostnadsoverslag, finansieringsplan og driftsplan. I tillegg må anlegget ha tinglyst skøyte/leigeavtale på grunnen for minimum 30 år.
- 7 Det bør arbeidast for at idrettsanlegg bygd med tilskot frå spelemidlane vert gratis tilgjenge for barn og ungdom (sjå også regional plan).
- 8 Ved nybygging av kostnadskrevjande anlegg og / eller anlegg som krev store brukar-underlag, for eksempel golfanlegg, anlegg for motorsport, kunstgrasbaner m.m. skal desse i fylgje regional plan byggjast i samarbeid mellom fleire kommunar. I praksis vil dette kunna vera eit samarbeid med Sogndal og Leikanger kommune.
- 9 Ved utbygging av nye konkurranseanlegg bør planane i fyrste omgang forsøkast samordnast med dei sentrale anlegga for innandørs idrett, fotball og skiidrettar.
- 10 Brukarane si evne til eigenbetaling bør vurderast ved prioritering mellom ulike nærmiljø og idrettsanlegg. Dette gjeld både nyanlegg og vedlikehald.
- 11 Det er ressurs- og bruksmessig gunstig at fleire kommunar kan gå saman om å bygge og drifte idrettsanlegg det elles ville vore vanskeleg å realisere innanfor ein kommune. Interkommunala anlegg kan få eit tillegg på 30% av ordinært tilskot på visse vilkår t.d. større kostnadskrevjande anlegg, og at det er bindande avtalar mellom to eller fleire kommunar m.o.t. drifts- og investeringstilskot på min. 5%.

C 27 Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller område som er tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg ligg i eller i direkte tilknyting til bustadområde. Områda eller anlegga skal ha fri tilgang for alle. Dei skal først og fremst vera retta mot barn og ungdom.

Nærmiljøanlegg er eit satsingsområde i planperioden. Desse anlegga er dei viktigaste rekrutteringsanlegga til fysisk aktivitet. Det er viktig at anlegga vert utforma og tilpassa buområda dei ligg attmed slik at dei vert både attraktive og aktivitetsskapande møtestader for barn, ungdom og andre som ynskjer å nytta anlegga.

Trangen for, og lokalisering av, nærmiljøanlegg skal alltid vurderast i samband med planlegging av nye bustadfelt og ved fortetting av eksisterande bustadområde. Vakre og godt vedlikehaldne anlegg sikrar at fleire vil bruka anlegga.

C 28 Prioriteringskriterie nærmiljøanlegg

1. Anlegg nær bustadfelt som har heilsakplege planar for sjølve anlegget, beplanting i og rundt og som viser gang- og sykkelvegar mot dei intilliggjande bustadområda og ut mot grøne korridorar og større frimråde.
2. Fleksible anlegg med tilbod først og fremst retta mot barn og ungdom, men som også har kvalitetar som dei vaksne vil setja pris på. Trivsel og velvære samt høg kvalitet og fleksibilitet skal prioriterast høgt.
3. Nærmiljøanlegg som legg opp til stor breidde av aktivitetar. Gjerne større anlegg i kommunesenter og bygdesenter som kan byggjast ut i fleire byggjesteg.

C 29 Fysisk aktivitet

Ein stadig større del av innbyggjarane på landsbasis, og i Luster kommune, er fysisk lite aktive. Samstundes vert dei som er aktive stadig meir aktive. Fram til no har det vore slik at den organiserte idretten har lagt beslag på størstedelen av dei midlande som har vore sett av til fysisk aktivitet og friluftsliv. Utfordringa i planperioden vert å få flest mogeleg av dei i dag lite aktive til å verta meir fysisk aktive. Dette kan gjerast på fleire måtar.

C 30 Prioriteringskriterie fysisk aktivitet

1. Satsing på grøne korridorar, gang- og sykkelvegar og stiar med tilgjenge for alle der ein kan gå, sykla eller trille frå bustadområda til nærmiljøanlegg og nære frimråde.
2. Bevaring og oppgradering av eksisterande grøne område og frimråde nær bustadområda.
3. Satsing på nye aktivitetar som fengjer dei som i dag er lite fysisk aktive. Framfor alt gjeld dette aktivitetar som er populære blant ungdom.
4. Aktivitetar som legg forholda til rette slik at alle, uansett alder, kondisjon og handikap, kan vera fysisk aktive nær der dei bur. Gjerne i form av kortare turløyper og rundturar som både gir fysisk aktivitet og kulturell lærdom og naturoppleveling.
5. Tiltak som aukar interessa for kvardagsfriluftslivet, dvs. fysisk aktivitet i nærområde som ikkje krev kostbare anlegg.

C 31 Friluftsliv

Luster kommune har store utmarksområde som gjev rom for eit breidt spekter av friluftsliv. Mange av desse områda er berre tilgjengelege for dei som disponerer privat bil og som er relativt spreke.

C 32 Prioriteringskriterie friluftsliv

1. Tilrettelegging av innfallsportane til dei store friluftsområda i kommunen ved å byggja ut parkeringsplassar ved dei mest nytta turutgangspunkta.
2. Bruke teknologiske verkemiddel som t.d. «tur-appar» og kart på web-sider.
3. Oppsetjing og vedlikehald av informasjonstavler på desse parkeringsplassane.
4. Merking og rydding av løyper og stiar for både sommar og vinterbruk.
5. Informasjon om jakt og fisketilbod samt sal av jaktkort og felles fiskekort.
6. Satsa på «kvardags»-friluftslivet ved å prioritere «kortare» og rundturar nær bustadområda i kommunen, både sommar og vinter.
7. Letta tilgangen til sjø og vatn, for både fiske, båtliv og bading. Gi alle, også funksjonshemma, friluftstilbod og tilbod om fiske.
8. Utnytta eksisterande, gamle ferdelsvegar då desse ofte er lette å opparbeida slik at dei kan ha tilgjenge for alle.
9. Det vil vera eit viktig utviklingsarbeid å organisere dette arbeidet slik at samspelet mellom kommune og ulike lag vert betre og meir effektivt.

C 33 Prioritering av nye anlegg – idrettsrådet si rolle

Sjå dei generelle prioriteringskriteria i denne planen, pkt. C26.

Innspel og ynskje om nye anlegg er vurderte med utgangspunkt i prioriteringskriteria og dokumentasjonen i vedk. sitt innspel til planprosessen. For idrettsanlegg skal Luster idrettsråd koordinere og føreslå prioritering av innspela til planen. Idrettsrådet skal også visa til prosess der bukargruppa har hatt høve til å medverka til innspelet og prioriteringa av desse. Det må då vurderast:

1. Kva konsekvensar har utbygginga og drifta for søkeren sin økonomi?
2. Kva behov er det for anlegget. Har kommunen / nabokommunen tilsvarende anlegg?
3. Kva aldersgruppe av innbyggjarane vil representere brukargruppa av anlegget?
4. Vil anlegget kunne få i dag fysisk lite aktive personar til å verta meir aktive?
5. Er det andre anlegg / aktivitetar som bør prioriterast?
6. Er anlegget tilgjengeleg for alle?

C 34 Folkehelsearbeid og kommunane sitt ansvar

Kommunane er i lov om folkehelsearbeid pålagt eit særleg ansvar for befolkninga si helse. I arbeidet med kommuneplanar skal kommunane fastsetja overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor.

Kommunen skal:

- fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og bidra til å verna befolkninga mot faktorar som kan ha negativ verknad på helsa.

- fremja folkehelse innan dei oppgåver og med de verkemiddel kommunen er tillagt, m.a. ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.
- medvirke til at helsemessige omsyn vert teke vare på av andre styresmakter og verksemder. Kommunen bør leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor og andre aktørar.

Kommunen skal særleg vera merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseskilnader.

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv skal etter kvart leggja sterkare vekt på desse omsyna. Dette vil føra til ei tilrettelegging som femner det breie lag av befolkninga i Luster og lovpålegget vil visa att i prioritering av anlegg.

C 35 Utgreiingsarbeid – jfr. kommuneplanen sin arealdel

Tema	Initiativ	Ansvar	Planleggar	Framdrift	Merknad
Molden: <ul style="list-style-type: none"> • parkering Krossen • oppgradering sti • tilrettelegging for eksisterande utmarksbygningar i området 	LK	LK	LK	Gjennomføring: 2016	Jfr. Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv sitt fire årige handlingsprogram
Feigum: <ul style="list-style-type: none"> • opparbeiding av p-plass • opparbeiding av tursti 	LK	LK	LK	Gjennomføring: 2017	Jfr. Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv sitt fire årige handlingsprogram
Sognefjordvegen S1: <ul style="list-style-type: none"> • opparbeiding av enkelte strekningar 	LK	LK	Samarb. M. Leikanger, Luster og Sogndal	Gjennomføring: 2017	Jfr. Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv sitt fire årige handlingsprogram
Hafslvatnet rundt: <ul style="list-style-type: none"> • tursti rundt vatnet 	LK	LK	LK	Gjennomføring: etter 2016	Jfr. Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
Engjadalen: <ul style="list-style-type: none"> • utviding av P-plass ved Vassvollane 	LK	LK	LK	Gjennomføring etter 2017	
Kilen: *utviding av P-plass	LK	LK	LK		Jf. Kommuneplan
Generelt: <ul style="list-style-type: none"> • vurdere område for terrengsykling • stadianlysen lanserte området langs Engjadalselva som «elvepark» 	LK	LK	LK	Gjennomføring: 2017	Generell vurdering av aktuelle område i Luster kommune Jfr. Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv sitt fire årige handlingspr.

C 36 Rehabilitering

Rehabilitering er ei oppgradering av anlegg som er meir omfattande enn det som kan reknast inn under ordinært vedlikehald og drift.

Minstekrav for å kunna søkja om tilskot til rehabilitering, både kommunalt og statleg, er at

- anlegget er med i denne planen.
- det er utarbeida **tilstandsrapport**
- det er utarbeida plan og kostnadskalkyle for tiltaket.
- og det skal gå fram av planen at bakgrunnen for rehabiliteringa er ikkje feil ved planlegginga, utføringa eller manglande vedlikehald frå anleggseigaren si side.

For mange av anlegga kan det søkjast om stønad frå spelemidlane (tippemidlane). Ved rehabilitering er det viktig å kunne argumentere med at anlegget gir tilgjenge for alle.

C 37 Kommunalt engasjement / drift av anlegg for friluftsliv

Eininga for Landbruk og naturforvaltning har ei fagleg koordinering og ansvar for merking og vedlikehald av turstiar, informasjonsformidling og tilrettelegging av turutgangspunkt. Luster kommune har eit særleg ansvar for stirydding til Haugafjellsstølen på Gjerde i Jostedal, parkeringsplassen på Bergset i Jostedal, stirydding frå Vigdal til Storhaug og Kilen i Luster, Krossen på Mollandsmarki, Høyheim – Navarsete via Flatningane, stien til Molden, og parkeringsplassen og toalett i/ved Feigum og stien opp til fossen.

C 38 Nedlegging og ombruk av eldre anlegg

Etter forskrifter og vilkår om tilskot av spelemidlane til anlegg for idrett og friluftsliv har anleggseigaren plikt til å halda anlegget ope for idrettsleg aktivitet i 30 år frå ferdigstilling av anlegget (nærmiljøanlegg = 20 år). Dette medfører plikt til å drive på årsbasis, eller for dei idrettar som har faste sesongar, på sesongbasis.

Eigarar som har anlegg som har fått spelemiddeltilskot og som dei ynskjer skal leggjast ned eller brukast til andre aktivitetar før perioden er ute, gir skriftleg orientering om grunnen til nedlegging/ombruk før innspeletsfristen til revisjon av planen. Kommunen vurderer innspele på lik linje med andre innspele.

Framlegg om nedlegging/ombruk vert innarbeida i handlingsprogrammet – den kortsiktige delen av denne planen. Etter godkjenning av planen gir kommunen melding til Kulturdepartementet om endringa. Ordinære idrettsanlegg som ikkje får skriftleg førehandsgodkjenning frå Kulturdepartementet kan ikkje leggjast ned / endrast bruk før etter 30 år.

D 1 Planar om nye anlegg

D 2 Anlegg som er planlagt nedlagt

Fylgjande anlegg er nedlagt: ingen

Fylgjande anlegg er planlagt nedlagt:

Det er ikke kome innspel på nedlegging /ombruk av anlegg i planperioden.

D 3 Registrering av innspel til planarbeidet

Presentasjon av innspel (2015)

pr. 06.10.15

I tillegg er vidareført (som innspel) dei prioriterte prosjekta som låg inne i gjeldande handlingsplan (2012 -2015), og som ikkje har fått innvilga spelemidlar / kommunalt tilskot.

Innspel på ordinære idrettsanlegg og rehabilitering av anlegg:

(innspela er lista under den kategorien dei har i innspelet, medan prioriteringa og oppføringa i handlingsplanen korrigerer for formell status)

01 Namn på tiltak: Lysløype Kveinahagen, Fortun

Type anlegg: Skileik /nærmiljøanlegg

Innspel frå: IL Fanaråk

Lokalisering: Yttri-området Fortun

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: 51-100 brukarar

Planen er å legge om trase og flytte lys til den nye trassen. Har avtale med 5 grunneiarararar på 30 år. Løypelengde 3 km.

Utbyggjar: IL Fanaråk

Driftsansvar: IL Fanaråk

Forankring (plan, vedtak): Er handsama på årsmøte

Anleggsnr.: 1426001901

Kostnadsramme: kr. 310.000. Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000.

Rådmannen sine kommentarar:

Dette anlegget vart bygt i 1978, og finansiert med spelemidlar. I dag er denne skiløypa registrert i anleggsregisteret som «ikkje i drift». Planen no er å flytte delar av traseen av eit allereie eksisterande anlegg. I gjeldande plan er det tre nivå på anlegg: ordinære idrettsanlegg bygt for konkurranse, nærmiljø anlegg bygt for eigenorganisert aktivitet og friluftslivsanlegg bygt for trening og turgåing. Intensjonen i planen er å knyte ordinære idrettsanlegg opp mot kommuneanlegg (pkt. C25), også for å kunne skape møteplassar og miljø og høgare kvalitative nivå for utvikling av dei spesifikke idrettane. Mindre anlegg for nærmiljøet kan byggast som friluftslivsanlegg, nærmiljøanlegg/ anlegg for eigenorganisert idrett og leik. Kommunen har prioritert Sogn skisenter på Heggmyrane som anlegg for langrenn. Rådmannen vil tilrå at innspelet vert realisert som eit nærmiljøanlegg og får i planen status som anlegg for skileik/nærmiljøanlegg med realisering i 2017 eller seinare.

Ved godkjent søknad kan søkeren få 50% inntil maks 1 mill. i spelemedialar. Kommunalt tilskot vert rekna tilsv. 25% av godkjent kostnadsoverslag.

02 Namn på tiltak: Skytehall 25 meter (innandørs skytebane)

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Hafslø skyttarlag

Lokalisering: Hillestadstølen sentralkytesbane

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: 51-100 brukarar

Det er ynsje om å erstatte standplassbygget på 100 meter med eit noko større bygg. Brukar då bygget som skytehall for innadørsskyting, og som standplass for skyting på 100 meter.

Innandørsskyting er den aktiviteten som aukar mest i DFS. Dei er i reforhandlingar med HV-11 om vidareføring av leigeavtale på kjellaren i skyttarhuset.

Utbyggjar: Hafslø skyttarlag

Driftsansvar: Hafslø skyttarlag

Forankring (plan, vedtak): Styremøte den 8. april 2015.

Anleggsnr.: 1426003504/ nytt nr. innandørs skytebane

Kostnadsramme: k. 2.900.000. Forventa årlege driftskostnader: kr. 50.000.

Rådmannen sine kommentarar:

Planane medfører ei større ombygging av eksisterande standplass. Kommuneanlegget for skyting er i gjeldande plan prioritert lagt til Hillestadstølen. Rådmannen tilrår at planane vert prioritert for utbygging i 2016. Spelemedialar tisv. 1/3 av godkjent kostnad maks. 1 mill.

Tilsv. kommunal medfinansiering vert inntil kr 1 mill.

Revidert plan med utbygging av innandørs skytebane på 15 m. i underetasjen av skyttarhuset og lager som eit tilbygg av eksisterande skyttarhus er etter innspelfristen lansert som eit alternativ.

Dette krev søknad om dispensasjon frå dei gjeldande krava som rettleiaren stiller pr. 2015, og det er departementet som godkjenner ev. dispensasjonsøknader.

Rådmannen finn dei framlagde planane ikkje ferdige for realitetshandsaming og fremjing for spelemiddelfinansiering i 2016.

03 Namn på tiltak: Sogn Skisenter - Sprintløype

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter BA

Lokalisering: Heggmyrane skisenter

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: 51-100 brukarar

Pr. i dag er det ikkje anlegg i Sogn som tilfredsstiller FIS krav til sprintløype. Anlegget ligg sentralt i Sogn for brukarar frå kommunane Luster, Sogndal og Leikanger. Det er eit behov for å flytte rulleskiaktivitetet frå riksvegnettet til skjerma treningsområde. Ei asfaltløype vil forlenge skisesongen ved at ein kan starte skiaktivitet før på hausten.

Utbyggjar: Sogn Skisenter BA

Driftsansvar: Sogn Skisenter AB

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Anleggsnr.: 1426001411
Kostnadsramme: kr 2.169.000 Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Innspellet er ei fornying av prioritert anlegg i gjeldande plan. Planen kan ikkje realiserast før reguleringsplanarbeidet er fullført og idrettsfunksjonell godkjenning er gitt.
Rådmannen tilrår prosjektet for realisering i 2017, og med kommunal finansiering tilsv. kr 734.000, 1/3 av godkjent kostnadsramme på kr 2.169.000.

04 Namn på tiltak: Sogn Skisenter – Lysanlegg - Jfr. gjeldande plan

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter BA

Lokalisering: Heggmyrane skisenter

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status:

Utbyggjar: Sogn Skisenter AB

Driftsansvar: Sogn Skisenter AB

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015

Anleggsnr.: 1426001412

Kostnadsramme: Forventa årlege driftskostnader:

Rådmannen sine kommentarar:

Det er ikkje lagt fram endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan for tiltaket.

05 Namn på tiltak: Sogn Skisenter - Stadion

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter BA

Lokalisering: Heggmyrane skisenter

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status:

Utbyggjar: Sogn Skisenter AB

Driftsansvar: Sogn Skisenter AB

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015.

Anleggsnr.: 1426001413

Kostnadsramme: kr 2.169.000 Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Det er ikkje lagt fram endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan for tiltaket.

06 Namn på tiltak: Sogn Skisenter – Asfaltert løype

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter BA

Lokalisering: Heggmyrane skisenter

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Dekningsområde:

Behov / status:

Utbyggjar: Sogn Skisenter AB

Driftsansvar: Sogn Skisenter AB

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015

Anleggsnr.: Ikkje tildelt

Kostnadsramme: Forventa årlege driftskostnader:

Rådmannen sine kommentarar:

Det er ikkje lagt fram endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan for tiltaket.

07 Namn på tiltak: Sogn Skisenter – Snøproduksjon langrennsløyper

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter BA

Lokalisering:

Dekningsområde:

Behov / status: 51-100 brukarar

Felles anlegg for alle idrettslag i Luster kommunen.

Utbyggjar: Sogn Skisenter AB

Driftsansvar: Sogn Skisenter AB

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015.

Anleggsnr.: 1426001408

Kostnadsramme: kr. 1.350.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen ser innspelet i samanheng med dei øvrige planane for utbygging av langrennstadion og løyper på Skisenteret på Heggmyrane. Prosjektet treng arealavklaring og idrettsfunksjonell godkjenning før det kan søkast spelemidlar. Med ei kostnadsramme på kr 1.350.000 kan det finansierast opp med kr 450.000 i statlege spelemidlar og med tilsv. tilskot frå kommunen.

Anlegget kan tidlegast finansierast i 2017.

08 Namn på tiltak: Luster motorsportsenter – Trail

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Gaupne – Leirmogradene ved FV 604

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: over 100 brukarar

For å gje barn og unge i kommunen og indre Sogn-regionen eit nytt tilbod for å utøve fysisk aktivitet. Det er ikkje bygt liknande anlegg i indre Sogn tidlegare. Anlegget er bygt opp om tre byggesteg: 1) parkering, trail, knattecross, enduro/snøscooteranlegg. 2) motorcrossbane klasse C og 3) klubhus.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Anleggsnr.: 1426008501

Kostnadsramme: kr. 260.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 15.000 (totalt)

Rådmannen sine kommentarar:

Anlegget manglar arealavklaring. Planane for eit motorsportanlegg er inne i den fylkeskommunale anleggsplanen med forventa realisering /innvilga spelemidlar etter 2017.

Kommunen er innstilt på å medverke med kommunalt tilskot tilsvarende kr 305.000 så snart det ligg føre idrettsfunksjonell godkjenning av planane i 2016.

09 Namn på tiltak: Luster motorsportsenter – Enduro

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Gaupne – Leirmogradene ved FV 604

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: over 100 brukarar

For å gje barn og unge i kommunen og indre Sogn-regionen eit nytt tilbod for å utøve fysisk aktivitet. Det er ikkje bygt liknande anlegg i indre Sogn tidlegare. Anlegget er bygt opp om tre byggesteg:

1) parkering, trail, knattecross, enduro/snøscooteranlegg. 2) motorcrossbane klasse C og 3) klubhus.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Anleggsnr.: 1426008502

Kostnadsramme: kr. 30.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000 (totalt)

Rådmannen sine kommentarar:

Anlegget manglar arealavklaring. Planane for eit motorsportanlegg er inne i den fylkeskommunale anleggsplanen med forventa realisering /innvilga spelemidlar etter 2017.

Kommunen er innstilt på å medverke med kommunalt tilskot tilsvarende kr 305.000 så snart det ligg føre idrettsfunksjonell godkjenning av planane i 2016.

10 Namn på tiltak: Luster motorsportsenter – Knattekross

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Gaupne – Leirmogradene ved FV 604

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: over 100 brukarar

For å gje barn og unge i kommunen og indre Sogn-regionen eit nytt tilbod for å utøve fysisk aktivitet. Det er ikkje bygt liknande anlegg i indre Sogn tidlegare. Anlegget er bygt opp om tre byggesteg: 1) parkering, trail, knattecross, enduro/snøscooteranlegg. 2) motorcrossbane klasse C og 3) klubhus.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Anleggsnr.: 1426008503

Kostnadsramme: kr. 30.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000(totalt)

Rådmannen sine kommentarar:

Anlegget manglar arealavklaring. Planane for eit motorsportanlegg er inne i den fylkeskommunale anleggsplanen med forventa realisering /innvilga spelemedlar etter 2017.

Kommunen er innstilt på å medverke med kommunalt tilskot tilsvarende kr 305.000 så snart det ligg føre idrettsfunksjonell godkjenning av planane i 2016.

11 Namn på tiltak: Motorsportanlegg – Motorcross kl. C

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Gaupne – Leirmogradene ved FV 604

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: over 100 brukarar

For å gje barn og unge i kommunen og indre Sogn-regionen eit nytt tilbod for å utøve fysisk aktivitet. Det er ikkje bygt liknande anlegg i indre Sogn tidlegare. Anlegget er bygt opp om tre byggesteg: 1) parkering, trail, knattecross, enduro/snøscooteranlegg. 2) motorcrossbane klasse C og 3) klubhus.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Anleggsnr.: 1426008504

Kostnadsramme: kr. 545.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 20.000 (totalt)

Rådmannen sine kommentarar:

Anlegget manglar arealavklaring. Planane for eit motorsportanlegg er inne i den regionale anleggsplanen med forventa realisering /innvilga spelemedlar etter 2017.

Arealavklåringa er forventa ferdig i 2016, og søknad om spelemedlar kan tidlegast fremsjast i 2017.

Kommunen er innstilt på å medverke med kommunalt tilskot så snart det ligg føre idrettsfunksjonell godkjenning av planane i 2016.

12 Namn på tiltak: Motorsportanlegg – Klubbhus

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Gaupne – Leirmogradene ved FV 604

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: over 100 brukarar

For å gje barn og unge i kommunen og indre Sogn-regionen eit nytt tilbod for å utøve fysisk aktivitet. Det er ikkje bygt liknande anlegg i indre Sogn tidlegare. Anlegget er bygt opp om tre byggesteg: 1) parkering, trail, knattecross, enduro/snøscooteranlegg. 2) motorcrossbane klasse C og 3) klubhus.

Utbyggjar: IL Bjørn

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Aleggsnr.: 1426008505

Kostnadsramme: kr. 1.415.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 15.000 (totalt)

Rådmannen sine kommentarar:

Anlegget manglar arealavklaring. Planane for eit motorsportanlegg er inne i den regionale anleggsplanen med forventa realisering /innvilga spelemidlar etter 2017.

Kommunen er innstilt på å medverke med kommunalt tilskot så snart det ligg føre idrettsfunksjonell godkjenning av planane etter 2019.

13 Namn på tiltak: Ombygging gras – kunstgras

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Grandmo i Gaupne

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: over 100 brukarar

Det er pr. i dag ikkje nok banekapasitet på dei eksisterande ballbanene til at I.L. Bjørn sin trenings- og kampaktivitet i perioden før og etter grasbana/treningsfeltet er open for bruk kan nyttast.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Aleggsnr.: 1426000102

Kostnadsramme: kr. 12.000.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 400.000

Rådmannen sine kommentarar:

Planane for ombygging til kunstgrasbane med undervarme er forankra i den fylkes-kommunale planen med oppstart etter 2017, og låg inne i gjeldande kommunalplan med ei førstegongs løvning i 2015 på kr 730.000. Føresetnadene for å få godkjent ein søknad om spelemidlar og signal om byggestart er at den idrettsfunksjonelle godkjenninga ligg føre.

Rådmannen vurderer status for planane for ei utbygging av Gaupne stadion med kunstgras og undervarme som såpass uavklara at søknad om spelemidlar først er aktuelt etter 2017. Maksimalt tilskot frå spelemidlane er oppgitt til kr 2.500.000 som igjen føreset at anlegget er utrusta med godkjent flaumlysanlegg. Før det kan godkjennast plan for prosjektet må det også innhentast godkjenning frå departementet om omdisponering av anlegget frå naturgras til kunstgras.

14 Namn på tiltak: Ombygging gras – Undervarme kunstgrasbane – jfr. gjeldande plan

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Grandmo i Gaupne

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: over 100 brukarar

Utbyggjar: IL Bjørn

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Anleggsnr.: 1426000105

Kostnadsramme: inkl. i budsj. ombygg. Forventa årlege driftskostnader: kr. 400.000

Rådmannen sine kommentarar:

Jfr. det som er notert til føregående innspeil.

Planane for ombygging til kunstgrasbane med undervarme er forankra i den fylkeskommunale planen med oppstart etter 2017, og låg inne i gjeldande kommunalplan med ei førstegongs løying i 2015 på kr 730.000. Føresetnadene for å få godkjent ein søknad om spelemidlar og signal om byggestart er at den idrettsfunksjonelle godkjenninga ligg føre.

Rådmannen vurderer det som mest realistisk å fremje denne søknaden først etter 2017.

Før det kan godkjennast plan for prosjektet må det også innhentast godkjenning frå departementet om omdisponering av anlegget frå naturgras til kunstgras.

Maksimalt tilskot frå spelemidlane er oppgitt til kr. 700.00 som igjen føreset at anlegget er utrusta med godkjent flaumlysanlegg.

15 Namn på tiltak: Rehabilitering friidrettsanlegg – jfr. gjeldande plan

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspeil frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Grandmo i Gaupne

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: over 100 brukarar

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Anleggsnr.: 1426000101

Kostnadsramme: inkl. i budsj. ombygg. Forventa årlege driftskostn.: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Jfr. det som er notert til føregående innspeil om kunstgras med undervarme på Gaupne stadion.

Planane for ombygging til kunstgrasbane med undervarme er forankra i den fylkeskommunale planen med oppstart etter 2017, og låg inne i gjeldande kommunalplan med ei førstegongs løying i 2015 på kr 730.000. Føresetnadene for å få godkjent ein søknad om spelemidlar og signal om byggestart er at den idrettsfunksjonelle godkjenninga ligg føre.

Rådmannen ser vurderer det som mest realistisk å fremje denne søknaden først etter 2017.

Maks. tilskot frå spelemidlane er oppgitt til kr 2.000.000 som igjen føreset at anlegget er utrusta med godkjent flaumlysanlegg. Før det kan godkjennast plan for prosjektet må det også innhentast godkjenning frå departementet om omdisponering av anlegget frå naturgras til kunstgras.

16 Namn på tiltak: Flaumlys stadion – jfr. gjeldande plan

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspeil frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Grandmo i Gaupne

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: over 100 brukarar
Utbyggjar: IL Bjørn
Driftsansvar: IL Bjørn
Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.
Anleggsnr.: 1426000103 (kunstgras/grusbane) -> fasilitet
Kostnadsramme: kr 500.000 Forventa årlege driftskostnader: Ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Jfr. det som er notert til føregåande innspeil. Godkjent flaumlysanlegg er ein føresetnad for å få godkjent planen for bygging av kunstgarsbane, og ev. tilskot frå spelemidlane er inkludert i maksimumstilskotet på kr 2.500.000 til hovedprosjektet.

Planane for ombygging til kunstgrasbane med undervarme er forankra i den fylkeskommunale planen med oppstart etter 2017, og låg inne i gjeldande kommunalplan med ei førstegongs løying i 2015 på kr 730.000. Føresetnadene for å få godkjent ein søknad om spelemidlar og signal om byggestart er at den idrettsfunksjonelle godkjenninga ligg føre.

Rådmannen ser vurderer det som mest realistisk å fremje denne søknaden først etter 2017.

17 Namn på tiltak: Tribuneanlegg inkl. sanitäranlegg
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: I.L. Bjørn
Lokalisering: Grandmo i Gaupne
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: over 100 brukarar
Utbyggjar: IL Bjørn
Driftsansvar: IL Bjørn
Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.
Anleggsnr.: 1426000108
Kostnadsramme: kr 650.000 Forventa årlege driftskostnader: Ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Innspelet er nytt i høve til dei øvrige planane for utvikling av Gaupne stadion (Luster idrettspark). I den gjeldande planen har kommunestyret vedteke å prioritere utbygginga av konkurranse anlegg for fotball og friidrett på Gaupne stadion. Den aktiviteten som det er planlagt for tilseier også eit behov for eit meir komplett anlegg, og rådmannen tilrår at dette innspelet vert prioritert for spelemidlar etter 2019. Før ein søknad om spelemidlar kan godkjennast må det føreliggja ei idrettsfunksjonell godkjenning.

18 Namn på tiltak: Carport/garasjebygg – lysløype Jøng i Luster
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: Luster i.l.
Lokalisering: Jøng, ved Harastølen
Dekningsområde: Nærmiljøet

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Behov / status: 51 - 100 brukarar

Treng carport/garage for lagring av løypemaskin og snøscooter.

Utbyggjar: Luster i.l.

Driftsansvar: Luster i.l.

Forankring (plan, vedtak): Ikke oppgjeve.

Anleggsnr.: 1426001803

Kostnadsramme: kr. 70.200 – 150.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 2.000

Rådmannen sine kommentarar:

Innspelet er eit resultat og konsekvens av det behovet som laget har for å drifte ei lysløype på Jøng til friluftslivsføremål. Innspelet er lite konkret, ikkje forankra i søkerorganisasjonen i form av vedtak om finansiering. Rådmannen har forståing for at det praktiske rundt drifta av anlegget krev tiltak som dette og tilrår at tiltaket kjem med i handlingsprogrammet i 2019. Søkar kan ut i frå eit svært førebels kostnadsoversyn, der nedre grense for godkjent kostnad for utrekning av tilskot i 2015 er kr 150.000, budsjettere med kr 50.000 i spelemidlar og tilsvarende i kommunalt tilskot og eigenkapital/dugnad. Før søknad om spelemidlar kan godkjennast må det føreliggja ei idrettsfunksjonell godkjenning.

19 Namn på tiltak: Hoppanlegg - K45

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter

Lokalisering: Sogn Skisenter, Heggmyrane

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: 21 - 50 brukarar

Dette er eit naudsynt tiltak for å behalda hoppmiljøet i Luster. Eksisterande hoppanlegg i Kvam på Hafslo er utrangert, og leigeavtalen av grunn der går ut i 2019. Det er derfor av avgjerande betydning for hoppidretten at dette anlegget vert bygd. Hafslo i.l. representerar eit av tre vitale hoppmiljø i fylket i dag (dei to andre er Vik og Stryn), anlegget er derfor viktig for å halde hoppidretten oppe også for heile kretsen sin del..

Utbyggjar: Sogn Skisenter

Driftsansvar: Sogn Skisenter

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015.

Anleggsnr.: 1426001503

Kostnadsramme: kr 2.800.000

Forventa årlege driftskostnader: kr 20.000

Rådmannen sine kommentarar:

Hafslo i.l. sin avtale om hopbakkar i Kvam går ut i 2017 og hoppidretten er oppteken av å få anlegga samla på Sogn skisenter, Heggmyrane. Rådmannen viser til den reguleringsplan-prosessen som føregår i dette området, og med føremål å sikre nødvendig areal til utviklinga på skisenteret. Med utgangspkt. i den uavklara arealsituasjonen, den manglande forankra kostnads- og finansieringsplanen hos den ev. søkerorganisasjonen for dette anlegget, tilrår rådmannen at dette tiltaket vert lansert i den langsiktige planperioden gjeldande frå 2020. Ev. kommunal medverknad i finansieringa må også takast stilling til før det kan gjevast idrettsfunksjonell godkjenning på desse planane.

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

20 Namn på tiltak: Luster bad 25 m symjeanlegg

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Luster kommune

Lokalisering: Gaupne

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status:

Prosjektet er inne i kommunal plan og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, men ikke søkt spelemidlar på pr. 2015.

Utbyggjar: Luster kommune

Driftsansvar: Luster kommune

Forankring (plan, vedtak):

Anleggsnr.: 14260056301

Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Prosjektet har vore godkjent sidan første søkerndsunde i 2010.

Prosjektet er inne i kommunen sitt handlingsprogram, men står framleis i den regionale planen sin langtidsplan (frå 2017 -).

Sidan det her også er snakk om eit realisert anlegg med forskottering av spelemidlar tilsaman kr 14.875.000 er det rådmannen si vurdering at desse tiltaka vert prioriterte for spelemidlar først, og framfor andre større prosjekt.

21 Namn på tiltak: Luster bad stupeanlegg

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Luster kommune

Lokalisering: Gaupne

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status:

Prosjektet er inne i kommunal plan og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, men ikke søkt spelemidlar på pr. 2015.

Utbyggjar: Luster kommune

Driftsansvar: Luster kommune

Forankring (plan, vedtak):

Anleggsnr.: 1426006302

Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Prosjektet har vore godkjent sidan første søkerndsunde i 2010.

Prosjektet er inne i kommunen sitt handlingsprogram, men står framleis i den regionale planen sin langtidsplan (frå 2017 -).

Sidan det her også er snakk om eit realisert anlegg med forskottering av spelemidlar tilsaman kr 1.000.000 er det rådmannen si vurdering at desse tiltaka vert prioriterte for spelemidlar først, og framfor andre større prosjekt.

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

22 Namn på tiltak: Overvåkingsutstyr til Lustrabadet

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Luster kommune

Lokalisering: Gaupne

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status:

Prosjektet er ikke i kommunal plan og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, men ikke søkt spelemidlar på pr. 2015.

Utbyggjar: Luster kommune

Driftsansvar: Luster kommune

Forankring (plan, vedtak):

Anleggsnr.: 1426006303

Kostnadsramme: kr. 300.000 Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve.

Rådmannen sine kommentarar:

Prosjektet har vore godkjent av departementet sidan første søknadsrunde i 2010. Prosjektet er ikke detaljplanlagt, men det har vorte operert med ei kostnadsramme på kr 300. 000.

Rådmannen vil tilrå til at det vert søkt spelemiddelfinansiering til tiltaket.

23 Namn på tiltak: Rehabilitering - Nytt golv i idrettshallen i Gaupne

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre

Lokalisering: Gaupne

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: Ikkje oppgjeve

Utbyggjar: Ikkje oppgjeve

Driftsansvar: Ikkje oppgjeve

Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015

Anleggsnr.:

Kostnadsramme: kr 1.000.000 Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Spørsmålet om å rehabilitera Gaupne idrettshall har vore fremja gjennom eit forprosjekt frå kommunen si side i 2015. Nytt sportsbelegg i idrettshallen er eitt av fleire tiltak i tillegg til generell oppussing og oppgradering av våtromsdelen, utskifting av himlingsplater som er skada etter lekkasje og ny taktekking og isolering på taket over idrettshallen. Rådmannen ser det nødvendig å ta vare på bygninga, og ei rehabilitering kan av fleire grunnar ikkje utsetjast særleg lenge. Likevel kan det virke mest realistisk å dele prosjetet opp i fleire etappar, der den reinte bygnings tekniske rehabiliteringa får første prioritet, og bør førebuast søknad på til 2016 / -17. Samla sum for heile rehabiliteringa er kalkulert til kr 9.970.000.

24 Namn på tiltak: Motorcrossbane (sjå Luster motorsportsenter)

Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg

Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre

Lokalisering: Gaupne - Leirmograndane

Dekningsområde: Heile regionen

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Viser til det som er sagt under innspel frå I.L. Bjørn (innspel nr. 8 – 13)

25 Namn på tiltak: Sandvolleyballbaner
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Heile kommunen
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

I gjeldande plan er Sandvolleyballbane prioritert i handlingsprogrammet 2012 – 2015 på indre Hafslo og på Galden (Hafslo) hhv. i 2014 og 2015. Sidan det ikkje er fremja søknader om spelemedlar på nokon av desse anlegga frå dei som stod bak innspela til planen, vurderer rådmannen det som at behovet ikkje lenger er tilstades.

26 Namn på tiltak: Squash-hall
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Luster treningssenter
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen vurderer ikkje innspelet som aktuelt dersom tiltaket ikkje let seg realisere som ein del av eit anna idrettsanlegg/sambruk. I regionen er det tildelt spelemedlar til tilsvarande anlegg i regi av Sogndal fotball på Fosshaugane Campus.

27 Namn på tiltak: Varmekablar på / og kunstgrasbane
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Gaupne
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen viser til det som er sagt under innspelet frå I.L. Bjørn (innspele nr.13)

28 Namn på tiltak: Rulleskibane
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Sogn Skisenter
Dekningsområde: Heile regionen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen viser til det som er sagt under innspelet frå Sogn skisenter (innspele nr. 06)

29. Namn på tiltak: Anlegg for hest
Type anlegg: Ordinært idrettsanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Luster kommune
Dekningsområde: Heile regionen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

I føresegne for godkjenning av spelemidlar til hestesport-anlegg er nemnt døme som ridehall, stall, utandørssbane og ridestig med finansiering inntil 1/3 frå.

30. Rehabilitering av Symjebasseng og gymsal i Fjordstova, Skjolden

Data om dette prosjektet er ikkje utarbeida.

Innspel på anlegg for friluftsliv:

(innspela er lista under den kategorien dei har i innspelet, medan prioriteringa korrigerer for formell status)

A. Namn på tiltak: Tursti frå Haugabru til gammesagi i Hotla

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Are Endal Rognes

Lokalisering: Gaupne

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Tiltaket vil gjere det enkelt for folk å kome seg ut og bruke nærområdet. Saman med allereie eksisterande stiar i Gaupne vil den utgjere eit godt tilbod til innbyggjarane i Luster kommune med utgangspkt. i Gaupne sentrum. Total lengde ca. 1,4 km.

Utbyggjar: Luster kommune

Driftsansvar: Luster kommune

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426005902

Kostnadsramme: kr. 1.189.132 Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Innspel og tiltaket er forankra i gjeldande kommunal plan. Prosjektet er ikkje detalj-planlagt, og rådmannen si administrative plangruppe har tilrådd dette tiltaket fremja i 2019.

Før søknad om spelemidlar kan godkjennast må det liggja føre ei idrettsfunksjonell godkjenning.

Storleiken på eit ev. kommunalt tilskot vert teke stilling til etter framlagt plan.

B. Namn på tiltak: Opprusting av tursti inn til Feigefossen

Type anlegg: Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Are Endal Rognes

Lokalisering: Feigum, sørsida av Lustrafjorden

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Anlegget er godt opparbeida frå før med parkering, toalett, dusj og merking. Flaumen i fjar haust grov ut og øydela nedre delar av stitraseen. Denne må rustast opp slik at tilbodet vert best mogeleg.

Utbyggjar: Luster kommune

Driftsansvar: Luster kommune

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426008601

Kostnadsramme: kr. 326.506 /343.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen har merka seg området ved Feigumsfossen, frå parkeringsplassen og opp til fossen, som eit populært turområde både for lokalbefolkninga og tilreisande. Tiltak i området er forankra i kommunal plan har avklåra arealspørsmålet. Turstien er frå før lagt på ei elveforbygging som no har vorte øydelagt av flom, så tiltak her er også viktig i forhold til å gjera stien brukande. Den administrative arbeidsgruppa har tilrådd tiltaket fremja i 2016, men arbeidet med å få fram eit endeleg, detaljert kostnadsoverslag for opprensing av elveløpet og utbetringa av forbygginga er usikkert. Utgangspkt. vårt for det overslaget som vert operert med er avgrensa til arbeid med sjølve stien.

Dette stiprosjektet har tidlegare vorte handtert som eit kommunalt tiltak og vedlikehald har vorte administrert og utført av landbruksjefen /-kontoret.

Godkjent kostnadsoverslag er justert opp med 5% adm. kostnader. Til 343.000.

C. Namn på tiltak: Bygging av trapp og flaklegging av myrparti på stien Krossen – Molden. Type anlegg: Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Are Endal Rognes

Lokalisering: Hafslo

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Det er allereie lagt ned mykje tod og pengar i dette anlegget og desse tiltaka vil gjere heile anlegget komplett og gjere det enda enklare for enda fleire og nyte seg av tilbodet.

Utbyggjar: Luster kommune

Driftsansvar: Luster kommune

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426006202

Kostnadsramme: kr. 359.764 / 378.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Prosjektet sti til Molden har vorte handtert som eit kommunalt tiltak og vedlikehald har vorte administrert og utført av landbruksjefen /-kontoret. Tiltaket er forankra i kommuneplanen, men arealavklåringa er ikkje på plass. Tiltaket omfattar flaklegging av myrparti og bygging av trapp på Svarthiller og er føreslege fremja i 2018. Kostnadsoverslaget er justert opp med 5% adm. kostnader til kr 378.000.

D. Namn på tiltak: Turstien Wittgensteintavla mellom Wittgensteintavla ved Fv 55, via Vadøyane og til Fortun.

Type anlegg: Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Skjolden bygdelag v/Kjell Arvid Nyhus

Lokalisering: Skjolden - Fortun

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: Over 100 brukarar

Tiltaket er planlagt som ein del av Sognefjordvegen (S1) mellom Sognefjellet og Hella. I tillegg er tiltaket også ein framtidig del av ei rundtur-løype frå cruisekaia via Eide gard til Wittgensteintavla og til Nymoen – Skjolden sentrum.

Utbyggjar: Skjolden bygdelag

Driftsansvar: Skjolden bygdelag

Forankring (plan, vedtak): Ikke oppgjeve

Anleggsnr.: 1426007802

Kostnadsramme: kr. 2.041.875 / 2.144.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Dette prosjektet har vorte fremja, prioritert for spelemidlar og ferdigstilt for parsellen frå FV Skjolden-Ornes via tunet på Eide og til Wittgensteintavla ved Eidsvatnet. Forlenginga av stien til Fortun og til Vadøyane / «Austerrike» var med i kommunal plan (2012-2015) og nemnt i langsiktig del som anleggsbehov frå 2016. Arbeidet med naturarv-prosjektet har influert på planlegginga og finansieringa av deler av den nye traseen, t.d. bru over utløpet av Fortunselva i Eidsvatnet.

Prosjektet vil, når det er ferdig, inngå som del av traseen til S1, samanhengande tursti frå Sognefjellet til Hella.

Prsokjetet sitt kostnadsoverslag er justert opp med 5% admin. kostnader til kr 2.144.000.

E. Namn på tiltak: Bygging av tursti frå Wittgensteintavla ved Eidsvatnet til Nymoen camping og merking av sti vidare til cruisekaia.

Type anlegg: Nærmiljøanlegg/ordinært idr.anlegg

Innspel frå: Skjolden bygdelag v/Kjell Arvid Nyhus

Lokalisering: Skjolden

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Anlegget vil koble seg på allereie eksisterende og planlagt tursti mellom Skjolden og Vassbakken og vere eit flott tilbod for alt frå lokalbefokning til turistar. Grunna omrent fråvær av stigning og godt planert dekke vil stien bli universelt utforma og dermed tilrettelagt for enda fleire brukarar.

Utbyggjar: Skjolden bygdelag

Driftsansvar: Skjolden bygdelag

Forankring (plan, vedtak): Ikke oppgjeve

Anleggsnr.: 1426007803

Kostnadsramme: kr. 2.606.271 Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Planane forvidareføring av tiltak D (ovanfor) er dekka inn gjennom reguleringsplan for det aktuelle området, og Skjolden bygdelag sin førebelse anleggsplan som ligg til grunn for innspelet.

Rådmannen har også merka seg det aukande behovet for å tilby turistar som har gått i land i Skjolden eit meir sikkert og tilrettelagt tursti-tilbod. Så langt er det eit mangelfullt kostnadsoverslag med tilhøyrande finansieringsplan som er lagt fram, og med den økonomiske ramma som kommunen har sett av til medfinansiering er dette eitt av tiltaka rådmannen tilrår flytta til langsiktig plan, etter 2019.

F. Namn på tiltak: Turstien Luster, Vigidal, Jostedalen, Fåbergstølen og Stordalen til Viva.

Type anlegg: Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Jostedal historielag v/Olav Stølen og Kristen Ormberg

Lokalisering: Luster, Vigidal, Jostedalen, Fåbergstølen og Stordalen til Viva.

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Den gamle gongevegen har ikkje vorte halden i stand eller drifta av nokon formell eigar.

Dette initiativet er meint for å uke frilufslivsaktiviteten mellom dei som bur i området og dei som kjem til for å gå turar i eit lett tilgjengeleg område. Stien vil knyte seg til den allereie merka turstien frå Viva til DNT si hytte i Sprongdalen.

Utbyggjar: Jostedal historielag m/fleire organisasjonar (Luster turlag).

Driftsansvar: Jostedal historielag m/fleire lokale organisasjonar

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426008701

Kostnadsramme: kr. 306.212 /322.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 15.000

Rådmannen sine kommentarar:

Planar som omfattar opprusting av, eller drifting av nedlagde, offentlege vegar kan vera ei utfordring for finansiering med spelemidlar. Dette spørsmålet vil no verta ettergått nærmare for å avklare avtalegrunnlaget med den/dei som formelt er grunneigarar.

Dette prosjektet som Jostedal historielag har teke initiativet til og som vil bli søkt spelemidlar til via DNT Luster Turlag.

Den administrative plangruppa har føreslege at søknaden vert støtta med kommunal medverknad i 2016, noko som føreset ein idrettsfunksjonell godkjenning i haust (2015).

Kostnadsoverslaget er justert opp med 5% adm. kostnader til kr 322.000.

G. Namn på tiltak: Tilkomst til husmannsplassen Stuaflåten

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Hafslo sogelag v/Svein Solheim og Hans Moseng

Lokalisering: Mollandsmarka

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Husmannsplassen er nyrestaurert og har synt seg populær for unge og godt vaksne.

Tilkomsten treng sikring og utbetring.

Utbyggjar: Hafslo sogelag /lokal samarbeidsorganisasjon.

Driftsansvar: Hafslo sogelag

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 18. mars 2015

Anleggsnr.: 1426006203

Kostnadsramme: kr. 81.131 Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Stuaflåten er eit spesielt turmål, og stien er svært bratt og tungt tilgjengeleg. Difor er det også spennande at eit lokalt lag tek tak i denne utfordringa og vil gjera noko med det. Tiltak som sikrar

tilkomsten er også viktig i forhold til at turmålet er eitt av programma i Den Kulturelle Skulesekken, og inviterer skuleklassar til å bruke både stien og sjøve husmanns-plassen. Prosjektet er godt, men er ikkje ferdig planlagt. Etter ei samla vurdering på dette stadiet vil ei realisering av tiltaket vera mest realistisk i 2017. Kommunal medfinansiering er utfrå framlagt plan ca kr 25000 (50% spelemedilar, 25% kommunalt tilskot og 25% eigenandel).

H. Namn på tiltak: Opprusting av gamlevegen mellom Galden og Solvorn.

Type anlegg: Nærmiljø-/Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Solvorn bygdelag v/Arne Kvalen

Lokalisering: Startar på Galden, krysset mellom Fv 55 og Fv 338 og slutar ved sjøen i Solvorn.

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: Over 100 brukarar

Gamlevegen frå Galden til Solvorn er ein flott tursti som brukast av mange. Det er allereie lagt ned mykje innsats i å gruse opp delar av vegen, sette opp informasjonstavlar og skilt og rydde vegen for skog. No manglar kun oppgrusing av delar av traseen, samt å sette i stand eit gammalt rekkverk som vart øydelagt av anleggsarbeid for nokre år sidan. Tilkomsten er lett tilgjengeleg frå begge endar og det er fullt mogeleg å gå delar av stien om ein ikkje vil gå heile i eit strekk.

Utbyggjar: Solvorn bygdelag

Driftsansvar: Solvorn bygdelag

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426008408

Kostnadsramme: kr. 184.454

Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Prosjektet er allereie eit turmål for innbyggjarane både i Solvorn og på Galden /Hestnes. Planen no er å fullføre eit turstianlegg forbi Øvrebømoen og ned til Solvornstrondi. Dei planlagde tiltaka er realistisk å gjennomføre i 2016, og rådmannen finn det rimeleg å signalisere kommunalt tilskot etter gjeldande praksis om 50% statleg tilskot og ¼ kommunal medverknad. Resten vert føresett er eigenfinansiering.

I. Namn på tiltak: Turveg Hillestadstølen – Indre Hafslo - Marifjøra

Type anlegg: Nærmiljø-/Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Arealplanen

Lokalisering: Indre Hafslo

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: Tal brukarar ikkje oppgjeve

Turveg mellom veg til Mollandsmarka til Solbakkenfeltet.

En av to prosjektvegar sentrumsnære, UU-tilpassa turvegar. Det må opparbeidst P-plass like etter avkjøring mot skytebanen frå veg til Mollandsmarka, og bommen må flyttast og vera råd å passere med barnevogn/rullestol.

Utbyggjar: ?

Driftsansvar: ?

Forankring (plan, vedtak): Forankra i kommuneplan, reguleringsplanar og andre kommunale planar.

Anleggsnr.: 1426008302

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Kostnadsramme: ?

Forventa årlege driftskostnader: ?

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikke ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsiktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette framja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

J. Namn på tiltak: Turveg Hillestadstølen - Årøy

Type anlegg: Nærmiljø-/Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Arealplanen

Lokalisering: Hafslo

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: ?

Utbyggjar: ?

Driftsansvar: ?

Forankring (plan, vedtak): ?

Anleggsnr.: 1426008301

Kostnadsramme: ?

Forventa årlege driftskostnader: ?

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikke ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsiktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette framja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

K. Namn på tiltak: Hafslovatnet rundt

Type anlegg: Nærmiljø-/Friluftslivsanlegg

Innspel frå: Arealplanen

Lokalisering: Hafslo

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: ?

Utbyggjar: ?

Driftsansvar: ?

Forankring (plan, vedtak): ?

Anleggsnr.: 1426008303

Kostnadsramme: ?

Forventa årlege driftskostnader: ?

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikke ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsiktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette framja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

L. Namn på tiltak: Sognefjordvegen S1
Type anlegg: Friluftslivsanlegg
Innspel frå: Arealplanen
Lokalisering: Luster kommune
Dekningsområde: Heile regionen
Behov / status: ?
Utbyggjar: ?
Driftsansvar: ?
Forankring (plan, vedtak): ?
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ? Forventa årlege driftskostnader: ?

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikkje ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsigktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette framja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

M. Namn på tiltak: Tungestølen hytte
Type anlegg: Friluftslivsanlegg
Innspel frå: Luster turlag
Lokalisering: Veitastrond
Dekningsområde: Heile regionen
Behov / status: Over 100 brukarar

Luster turlag meiner det snarast mogeleg må koma opp att ei turisthytte på Tungestølen etter at dei gamle husa der vart tekne av orkanen Dagmar 1. juledag i 2011. Luster turlag har ikkje anleggsplan.

Utbyggjar: Luster turlag
Driftsansvar: Luster turlag ved leigd hyttedrivar
Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 27. februar 2015.
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: kr. 12.010.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 50.000

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikkje ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsigktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette framja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

N. Namn på tiltak: Gang- og sykkelveg/-sti mellom Marifjøra - Gaupne
Type anlegg: Ordinært idr. anlegg/nærmiljøanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Rv 55
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Driftsansvar: Ikkje oppgjeve

Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015 Anleggsnr.:
1426005301

Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikkje ferdig utarbeida. Så langt er området frå «Ektronkaien» i Røneidsberget og til Marifjøra bru delvis ferdig opparbeida med trafikktryggleiksmidlar, og skulle et seinare vise seg å vera av prioritet å få dette innspelet fremja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen seinare.

O. Namn på tiltak: Sykkelveg langs heile Rv 55 (Hafslo-Fortun)

Type anlegg: Friluftsområde

Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre

Lokalisering: Rv 55

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: Ikkje oppgjeve

Utbyggjar: Ikkje oppgjeve

Driftsansvar: Ikkje oppgjeve

Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015

Anleggsnr.:

Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikkje ferdig utarbeida, og rådmannen finn det lite realistisk, på noverande tidspkt. å fremje dette som eit spelemiddelprosjekt. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette fremja som søknad om spelemidlar kan kommunen ta stilling til kostnad- og finansiering for så å innarbeide det ved rullering av planen.

P. Namn på tiltak: Turløyper langrenn i Engjadalen

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre

Lokalisering: Gaupne / Engjadalen

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: Ikkje oppgjeve

Utbyggjar: Ikkje oppgjeve

Driftsansvar: Ikkje oppgjeve

Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015

Anleggsnr.:

Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Data om dette prosjektet er ikke ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsiktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette fremja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

Q. Namn på tiltak: Turstiar rundt i bygdene
Type anlegg: Nærmiljøanlegg
Innspel frå: Ungdommen sitt kommunestyre
Lokalisering: Luster kommune
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Ikkje oppgjeve
Driftsansvar: Ikkje oppgjeve
Forankring (plan, vedtak): Vedtak i Ungdommen sitt kommunestyre 20. april 2015
Anleggsnr.:
Kostnadsramme: ikkje oppgjeve Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Data om dette prosjektet er ikke ferdig utarbeida, og rådmannen rår til at tiltaket vert omtala som aktuelt i langsiktig del av planen. Skulle det seinare vise seg å vera av prioritet å få dette framja som søknad om spelemidlar kan kommunen innarbeide det ved rullering av planen.

R. Namn på tiltak: Tursti Hillestad/Kjos – Mollandsmarki, Vetleskog.
Type anlegg: Nærmiljøanlegg
Innspel frå: Hafslo sogelag
Lokalisering: Luster kommune
Dekningsområde: Heile kommunen
Behov / status: Ikkje oppgjeve
Utbyggjar: Mollandsmarki grendalag
Driftsansvar: Hafslo sogelag
Forankring (plan, vedtak): styrehandsama i Hafslo sogelag
Anleggsnr.: 1426008304
Kostnadsramme: kr 95.000 Forventa årlege driftskostnader: kr 5000

Rådmannen sine kommentarar:

Prosjektet er kome inn etter innspelfristen 1. mai, men har vorte teke inn som eitt av dei tiltaka som i kartlegginga av mykje nytta friområde i Luster kommune vart framheva som mykje nytta og som hadde stor trøng for utbetring og tilrettelegging for allmenn ferdslle.

Rådmannen vil med bakrunn i status for denne stien, og behovet for å få utført tiltak, rá til at prosjektet vert prioritert for realisering i 2016 /2017.

Innspel på nærmiljøanlegg:

(innspela er lista under den kategorien dei har i innspelet, medan prioriteringa korrigerer for formell status)

01. Namn på tiltak: Rehabilitering - Ballbinge Bruflat

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: FR2 Bruflat i Gaupne

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: 51 - 100 brukarar

Sogn og Fjordane fylkeskommune og fotballretsen har eit prosjekt for rehabilitering av ballbingar eldre enn 10 år med gode refusjonsordningar – med prioritet. Ballbingen på Bruflat som er bygd i 2011 er meldt inn i dette prosjektet. Rehabiliteringa vert forskottert av klubben og gjennomført allereie i juni 2015.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Anleggsnr.: 1426005301

Kostnadsramme: kr. 115.800

Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen er merksam på at drifta og vedlikehaldet av ballbingane som har vorte bygde ikkje er tilfredsstillande fylgt opp av dei som har teke på seg dette ansvaret. Rutine og ansvarsområde må få ein meir sentral plass i saker som desse. Dette tilseier at fleire av ballbingane er i ein slik forfatning at ei rehabilitering etter 10 års drift er sterkt påkreva om dei skal vera opne for bruk. Kostnadene med rehabiliteringa er stipulert til kr 120.000, og kan søke om spelemedlar

02. Namn på tiltak: Ny ballbinge v/Gaupne skule

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: I.L. Bjørn

Lokalisering: Ved Gaupne skule

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: 51 - 100 brukarar

Det er behov for ein ballbinge i nær tilknyting til Gaupne skule og Gaupne stadion. Gaupne stadion er eit pressområde for organisert aktivitet i tidsrommet mellom 15.30 – 21.00. På ettermiddag er det behov for eit avgrensa område også for eigenorganisert ballaktivitet i umiddelbar nærleik.

Kungrasbana som ligg like ved barneskulen vert mykje nytta i skuletid både til fotballaktivitet og andre aktivitetar. Ein ballbinge kan reknast som ein utandørs gymsal.

Utbyggjar: IL Bjørn

Driftsansvar: IL Bjørn

Forankring (plan, vedtak): Årsmøte 3. mars 2015.

Anleggsnr.: 1426001007

Kostnadsramme: kr. 500.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Innspellet er å oppfatta som eit tillegg av eksisterande tilbod i nærområdet/bustadfeltet. Rådmannen er avventande til den vidare utviklinga på anleggssektoren i Gaupne sentrum og Gaupne stadion, og vil tilrå at dette prosjektet vert plassert i langiktig planperiode etter 2019.

03. Namn på tiltak: Rehabilitering – Ballbinge Luster oppvekstsenter

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Luster i.l.

Lokalisering: Ved Luster oppvekstsenter

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: 51 - 100 brukarar

Ballbingen til Luster i.l, lokalisert ved Luter oppvekstsenter, vil vera 10 år i juli 2019. Det er nødvendig med rehabilitering av kunstgraset, som allereie no (2015), ber preg av stor slitasje. Bingen blir brukt i kvart friminutt av skule, og det er og stor aktivitet utover ettermiddagen. I sommarferien er det ein samlingsplass for lokale born og unge, samt populært blant turistane.

Utbyggjar: Luster i.l.

Driftsansvar: Luster i.l.

Forankring (plan, vedtak): Ikke oppgjeve.

Anleggsnr.: 1426004406

Kostnadsramme: kr. 100.000 Forventa årlege driftskostnader: kr. 2.000

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen er merksam på at drifta og vedlikehaldet av ballbingane som har vorte bygde ikkje er tilfredsstillande fylgt opp av dei som har teke på seg dette ansvaret. Rutine og ansvarsområde må få ein meir sentral plass i saker som desse. Dette tilseier at fleire av ballbingane er i ein slik forfatning at ei rehabilitering etter 10 års drift er sterkt påkreva om dei skal vera opne for bruk. Denne ballbingen vart bygt i 2010. Kostnadene med rehabiliteringa er stipulert til kr 120.000, og rådmannen tilrå kommunal løying i 2019.

04. Namn på tiltak: Rehabilitering – Sandvolleyballbane Luster oppvekstsenter

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Luster i.l.

Lokalisering: Ved Luster oppvekstsenter

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: 0 - 20 brukarar

Trengutskifting til finare sand om nokre år. Sand blir naturleg grovare pga at vinden bles vekk finaste sandkorna.

Utbyggjar: Luster i.l.

Driftsansvar: Luster i.l.

Forankring (plan, vedtak): Ikke oppgjeve.

Anleggsnr.: 1426004404

Kostnadsramme: kr. 70.000 Forventa årlege driftskostnader: ikkje oppgjeve

Rådmannen sine kommentarar:

Det er eit generelt problem for dei etablerte sandvolleyballbanene at manglande, nødvendig årleg vedlikehald utløyer eit behov for rehabilitering av anlegga. Rådmannen vil i denne samanheng peike på tilskotsordninga: refusjon for drift og vedlikehald av anlegg som eit godt verkemiddel til å redusere dei store kostnadene med full rehabilitering.

Tiltaket er prioritert inn i planen med ev. løyving i 2019.

05. Namn på tiltak: Nærmiljøanlegg hopp K10

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter

Lokalisering: Sogn Skisenter, Heggmyrane

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: 21 - 50 brukarar

Dette er eit naudsynt tiltak for å behalda hoppmiljøet i Luster. Eksisterande hoppanlegg i Kvam på Hafslo er utrangert, og leigeavtalen av grunn der går ut i 2019. Det er derfor av avgjerande betydning for hoppidretten at dette anlegget vert bygd. Hafslo i.l. representerar eit av tre vitale hoppmiljø i fylket i dag (dei to andre er Vik og Stryn), anlegget er derfor viktig for å halde hoppidretten oppe også for heile kretsen sin del..

Utbyggjar: Sogn Skisenter

Driftsansvar: Sogn Skisenter

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015.

Anleggsnr.: 1426001414

Kostnadsramme: kr. 640.300

Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Master-planen for Sogn Skisenter, som fleire av prosjekta det er fremja innspel på til ny kommunal plan, er omhandla og godkjent tidlegare av kommunen. Dette har i neste omgang utløyst eit reguleringsplanarbeid for området. Søknader om spelemidlar til utbygging av kvart enkelt anlegg krev også idrettsfunksjonell godkjenning. Planen for dette anlegget kan ikkje realiserast før reguleringsplanarbeidet er fullført og idrettsfunksjonell godkjenning er gitt.

Rådmannen tilår prosjektet for realisering i 2017, og med kommunal finansiering tilsv. kr 160.000, 1/4 av godkjent kostnadsramme på kr 640.500.

06. Namn på tiltak: Nærmiljøanlegg hopp K20

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Sogn Skisenter

Lokalisering: Sogn Skisenter, Heggmyrane

Dekningsområde: Heile regionen

Behov / status: 21 - 50 brukarar

Dette er eit naudsynt tiltak for å behalda hoppmiljøet i Luster. Eksisterande hoppanlegg i Kvam på Hafslo er utrangert, og leigeavtalen av grunn der går ut i 2019. Det er derfor av avgjerande betydning for hoppidretten at dette anlegget vert bygd. Hafslo i.l. representerar eit av tre vitale hoppmiljø i fylket i dag (dei to andre er Vik og Stryn), anlegget er derfor viktig for å halde hoppidretten oppe også for heile kretsen sin del..

Utbyggjar: Sogn Skisenter

Driftsansvar: Sogn Skisenter

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015.

Anleggsnr.: 1426001415

Kostnadsramme: kr. 693.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 15.000

Rådmannen sine kommentarar:

Master-planen for Sogn Skisenter, som fleire av prosjekta det er fremja innspel på til ny kommunal plan, er omhandla og godkjent tidlegare av kommunen. Dette har i neste omgang utløyst eit reguleringsplanarbeid for området. Søknader om spelemidlar til utbygging av kvart enkelt anlegg krev også idrettsfunksjonell godkjenning. Planen for dette anlegget kan ikkje realiserast før reguleringsplanarbeidet er fullført og idrettsfunksjonell godkjenning er gitt.

Rådmannen tilrår prosjektet for realisering i 2017, og med kommunal finansiering tilsv. kr 174.000, 1/4 av godkjent kostnadsramme på kr 693.000.

07. Namn på tiltak: Aktivitetsanlegg ved Flaumparken i Fossøy/Fv 604.

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Sperle og Myklemyr Grendalag v/Arne Aasen Hauge

Lokalisering: Fossøy i Jostedal

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: Over 100 brukarar

Grenda har i dag ikkje opparbeida aktivitetsområde. Planen er å plassere dette i same område som Flaummerket.

Utbyggjar: Sperle og Myklemyr grendalag

Driftsansvar: Sperle og Myklemyr grendalag

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 28. april 2015

Anleggsnr.: 1426005802

Kostnadsramme: kr. 210.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Planlagt prosjekt omfattar ulike aktivitetsanlegg plassert i eit område som er skilta for tursti og opplevelingar knytta til flaummerka etter storflaumane i Jostedalen.

Før søknader kan sendast inn formelt må den idrettsfunksjonelle godkjenninga liggja føre.

Rådmannen vil tilrå at søknaden vert fremja i 2017, og med kommunalt tilskot tilsv. 25% av godkjent kostnadsoverslag inntil kr. 55.000.

08. Namn på tiltak: Klatrepark ved Hafslo barne- og ungdomsskule

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Hafslo bygdelag v/Hans Harald Nes

Lokalisering: Hafslo sentrum

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: Over 100 brukarar

Anlegget som er planlagt på Hafslo vil femne alle barn og unge. Området er i tillegg uteområde for leik og fysisk aktivitet i skuletida. Klatreparken vil gjennom eit utvida tilbod dekke eit behov for motorisk utvikling og represenere ei større variasjon i aktivitetstillbodet.

Utbyggjar: Hafslo bygdelag

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

Driftsansvar: Hafslo bygdelag

Forankring (plan, vedtak): Styremøte desember 2014

Anleggsnr.: 1426000710

Kostnadsramme: kr. 850.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Med grunnlag i kommunestyret si handsaming av budsjett for 2015 og forskottering av spelemidlar til to klatreparkar i Luster kommune, har rådmannen fått gjennomført ei arealmessig planlegging for desse i hhv Gaupne framfor Lustrabadet og på Hafslo barne og ungdomsskule.

På begge stadene vil det vera det lokale bygdelaget som står for utbygging, medan drift og vedlikehald vert organisert gjennom avtalar med brukarane/partar på brukarsida.

Det spesielle med finansieringa av klatreparkar er at i tillegg til å kunne søke spelemidlar til slike prosjekt (50% finansiering av godkjent kostnad) deltek også Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane med finansieringa av kr 250.000 til den første og deretter kr 125.000 til nr.2 ev. også nr.3.

09. Namn på tiltak: Aktivitets-/klatrepark ved Lustrabadet

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Gaupne bygdelag v/Anita Kjørlaig

Lokalisering: Gaupne sentrum

Dekningsområde: Heile kommunen

Behov / status: Over 100 brukarar

Tiltaket bør prioriterast då dette er eit samarbeid mellom ulike aktørar knytta opp til barn/ungdom. Gaupne skule og Luster ungdomsskule har hatt tett samarbeid om aktivitetsparken. Begge skulane ønskjer å bruke økonomiske midlar til dette fellesprosjektet som bli geografisk plassert mellom barneksulen og ungdomsskulen. Aktivitetsparken er også geografisk plassert midt i Gaupne sentrum rett ved sida av Lustrabadet, der svært mange barn og unge oppheld seg på dagtid/ettermiddag/kveld. Aktivitetsparken vil vera ein viktig arena for fysisk aktivitet og sosialt samvær.

Utbyggjar: Gaupne bygdelag

Driftsansvar: Gaupne bygdelag

Forankring (plan, vedtak): Styremøte 13. april 2015

Anleggsnr.: 1426001008

Kostnadsramme: kr. 850.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Med grunnlag i kommunestyret si handsaming av budsjett for 2015 og forskottering av spelemidlar til to klatreparkar i Luster kommune, har rådmannen fått gjennomført ei arealmessig planlegging for desse i hhv Gaupne framfor Lustrabadet og på Hafslo barne og ungdomsskule.

Det vil vera det lokale bygdelaget som står for utbygging, medan drift og vedlikehald vert organisert gjennom avtalar med brukarane/partar på brukarsida.

KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2016 - 2019

10. Namn på tiltak: Aktivitets- og friluftsbase ved Hafso barne- og ungdomsskule

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Hafslø barne- og ungdomsskule v/rektor

Lokalisering: Hafslø sentrum

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: Over 100 brukarar

Faglege mål i skulen om kombinasjon med praktisk/teoretisk undervisning. Aktivitet ute i frilyft, og variasjon/breidde i tilbodet ved skulen.

Utbyggjar: Luster kommune, skulen

Driftsansvar: Luster kommune, skulen

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426000710

Kostnadsramme: kr. 90.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 5.000

Rådmannen sine kommentarar:

Detaljplanar er under utarbeiding, og rådmannen tilrår at prosjektet vert fremja etter fullført utbygging av klatreparken, dvs. tidlegast/etter 2017.

11. Namn på tiltak: Kultursti Ornes.

Type anlegg: Nærmiljøanlegg

Innspel frå: Interimstyret for verdsarvgruppa Ornes v/Torunn Løne Vinje

Lokalisering: Ornes

Dekningsområde: Nærmiljøet

Behov / status: Over 100 brukarar

Tiltaket er ein del av heilskapleg satsing på utvikling av verdsarvområdet Urnes stavkyrkje. Tilrettelegging for at folk skal få ei større heilskapleg oppleving av landskap og historie er vesentleg. Det vert arbeidd med å etablera ein fast verdsarvorganisasjon som skal leggja til rette for eit breidare tilbod. Organisasjonen skal vera etablert innan 2016.

Utbyggjar: Ornes grendalag

Driftsansvar: Ornes grendalag

Forankring (plan, vedtak): Ikkje oppgjeve

Anleggsnr.: 1426008801

Kostnadsramme: kr. 500.000

Forventa årlege driftskostnader: kr. 10.000

Rådmannen sine kommentarar:

Detaljplanar er ikkje utarbeida. Planen føreset ei idrettsfunksjonell godkjenning, men rådmannen vurderer prosjektet som viktig og det bør fremjast i denne handlingsperioden fram til 2019.

Opplisting av innspela med innlagt prioritet frå Luster idrettsråd og administrativ plan-gruppe for det som gjeld anlegg for friluftsliv låg til grunn for formannskapet vitt vedtak om offentleg utlegging av framlegget til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i F-sak 103/15, den 14.10.2015

D 4 Analyse og planstrategi

Den fireårige handlingsplanen (2016 – 2019) viser ei sterk vekting og prioritering av nye ordinære idrettsanlegg. Samla anleggsinvestering i perioden er på kr 35,158 mill.

På denne sektoren er det kalkulert med auka driftskostnader på til saman kr 657.000. Den omsøkte finansieringa gjennom spelemiddelordninga utgjer for denne kategorien anlegg i underkant av kr 26 mill.. Også for kategoriene nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv viser omfanget av planlagte tiltak variasjon og lokalt engasjement for å utvikle nye tilbod. Det er her kalkulert med om lag kr 3,5 mill. i spelemidlar.

Planprosessen har vore fokusert på å få avklara fleire av føresetnadene for å få godkjent den enkelte spelemiddelsøknaden. Strategien vidare må vera å trekke vekslar på denne kunnskapen som den enkelte søker og kommunen har erfart.

Vedtaket i kommunen sin økonomiplan om årlege løyvingar på kr 1,0 mill. til finansiering av nye anlegg er ein avgjerande faktor for kommunen sin planstrategi.

Det totale behovet for kommunal finansiering i planperioden er kr 11,817 mill. og med erfaringa frå spelemiddelfinansieringa fram til no (2015) er det rimeleg realistisk å rekne med ein 3-4 års periode på å få vedtak om løyving av spelemidlar til ordinære idrettsanlegg. Utbetaling av kommunalt tilskot vil ikkje utan vidare skje før det er framlagt revidert rekneskap for anlegget.

Planen, slik den er samansett, er i tillegg eit hjelpemiddel for dei som skal sikre kvaliteten på dei ulike anleggsplanane. Gjennom den kommunale revisjonen av kommuneplanen sin arealplan er det både viktig og nødvendig med koordinering med denne planen for tiltak der arealspørsmåla ikkje er avklåra.

Ein anleggsplan vil i liten gard omfatte organisering og utvikling av lokal aktivitet. Likevel er det eit overordna mål at dei anlegga som vert bygde med offentlege tilskot skal sikrast ei forsvarleg drift og vedlikehaldast. Kommunen kan stille krav om statusrapport for anlegg som har fått tilskot til utbygging, og/eller søker om tilskot til refusjon for utført vedlikehald.

I planprosessen er det avdekkja planarbeid med større prosjekt som treng meir avklaring før det er aktuelt for prioritering og innarbeiding i anleggsplanen sitt handlingsprogram. Eitt døme er planarbeidet med Friskhuset i Gaupne, der eitt anlegg (aktivitetsrom for m.a. styrketrening) kan søke spelemiddel finansiering.

Den vidare strategien vil også ta omsyn til endringar i føresetnadene for kommunal medfinansiering og drift (inkl. tilskot til drift). Rullering av handlingsprogrammet kan gjennomførast årleg med grunnlag i dei innspela som er tekne inn i planen.

E 1 Kort- og langsiktig planperiode

Kommunal plan for fysisk aktivitet idrett og friluftsliv er underlagt økonomiplanen. Den kommunale løyvinga, i tråd med finansieringsplanen i denne planen, vert først utløyst med eit godkjent budsjettvedtak for det aktuelle året anlegget er prioritert for communal løyving.

E 2 Budsjettet for 2015 og økonomiplanen viser ei slik fordeling av midlane:

Budsjett		2015	2016	2017	2018
14710.108.23101	Aktivitetstilskot (alle lag/org)	500.000	500.000	500.000	500.000
14710.108.38002	Drift/vedlikehald idrettsanlegg	450.000	450.000	450.000	450.000
14711.108.38504	Nærmiljøtiltak– alle ordningar	500.000	500.000	500.000	500.000
	Miljøtiltak - oppf. av friluftsplanen	ca. 75.000			
38161	Lustrabadet – driftstilskot Lustrabadet – kjøp av tenester skule	2.210.000 750.000	2.200.000 780.000	2.200.000 780.000	2.200.000 780.000
38064	Sogn skisenter – driftstilskot	900.000	900.000	900.000	900.000
38180	Jostedal samfunnshus – netto drift Jostedal samfunnshus – tekn.drift	216.000 340.000	145.500 337.000	145.500 337.000	145.500 337.000
38160	Lustrahallen - netto drift Lustrahallen – tekn. drift	286.000 592.702	328.000 589.000	328.000 589.000	328.000 589.000
38601	Fjordstova – (betaling for teneste)	985.000	860.00	860.000	860.000
380101	Nybygg / nyanlegg - tilskot	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000

I tillegg til dei økonomiske støtteordningane er det også eit vesentleg "tilskot" at kommunen stiller offentlege lokale gratis til disposisjon der det er eit fungerande brukarstyre.

E 3 Handlingsplan for anlegg (nybygging)

For å få tilskot til nybygg, rehabilitering og større vedlikehald skal tiltaka vera lista i handlingsplanen for anlegg før utlegging av planen til offentleg ettersyn. På denne måten vert tilskotsordninga lettare å forstå, meir oversiktleg og planen/ handlings- programmet kan få ei kortare revisjonstid enn det den har i dag.

E 4 Handlingplan for anlegg 2016 – 2019

Planen i tabell vert framstilt på dei neste sidene (frå s. 49).

E 5 Anleggsbehov – langsiktig del etter 2020

Oversikten er teken i nn i det som vert framstilt på sidene omhandla ovanfor.

E 6 Handlingsplan for aktivitet

Det er ikkje berre fysiske anlegg som er viktige for å få innbyggjarane i kommunen meir fysisk aktive. Også andre tiltak kan vera svært viktige og bør få "sin plass". I omgrepet aktivitet er plassert årlege budsjetterte, kommunale tilskot til lag og organisasjonar og til drift og vedlikehald av bygg og anlegg (sjá D2).

I komande planperiode vil kommunen prioritere søknader som fyller vilkåra i pkt. Prioritering friluftsliv (C32), og legg særleg vekt på tiltak som legg til rette for aktivitet over ein sesong (lengre tid enn 1 mnd.).

E 7 Anlegg som er styrt av regional plan for ...

Den regionale planen sitt handlingsprogram er tredelt: ein del dekker **Aktivitetsskapande tiltak** (i regi av partnarskapen mellom kommunane. Staten og regionale organisasjoner). Den andre delen dekker **Anleggsprogram, kortsiktig** (dvs.= 4 år) og den tredje delen dekker **Anleggsprogram, langsiktig** (dvs= etter denne fireårsperioden).

Anlegg som vert styrt av regional plan er dei anlegga som er kostnadskrevjande, arealkrevjande og som kan vera miljømessig belastande.

Alle anlegg som skal få tildeling av spelemedilar må vera vedtekne i ein kommunal plan.

Arbeidet med den kommunale planen har ved sine innspel og lokal sakshandsaming i sin tur vorte spelt inn mot den planprosessen som fylkeskommunen driv.

Sist regional plan vart politisk handsama og godkjent av fylkestinget i 2015.

Nedanfor er laga ei oppstillinga over anlegg som Luster kommune har spelt inn til regional plan, og der prioriteringa går fram av løyvingsåret i den fireårige handlingsplanen. Anlegg der løyvingar ikkje er påført vert prioriterte med deler av eller heile tilskotet etter fireårsperioden.

Anlegg styrt av Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019							2016	2017	2018	2019	> 2020
Anleggsnr.:	Anlegg:	Ca. kostnad:	Ca. tilskot:	Status:	1. økeår:	Etabl. år:					
1426000102	Undervarme, Gaupne stadion	2.100.000	700.000	planlagt	2017	2018				700.000	
1426006301	Treningsbasseng Lustrababet	44.625.000	14.875.000	ferdig	2010	2013	2.875.000	5.000.000	7.000.000		
1426006302	Stup, Lustrababet	4.410.000	1.000.000	ferdig	2011	2013	1.000.000				
1426006303	Overvåking, Lustrababet	315.000	105.000	planlagt	2016	2013				105.000	
1426008503	Knattecross, Motorsportanl.	1.500.000	500.000	planlagt	2017	2017				500.000	
1426008502	Enduro, Motorsportanl.	1.500.000	500.000	planlagt	2017	2017				500.000	
ikkje oppret	Rulleskibane, Sogn skisenter	1.500.000	500.000	planlagt	2017	2017		500.000			
1426000101	Kunstgrasbane Gaupne stadion	7.500.000	2.200.000	planlagt	2018	2019					
1426000501	Idrettshall, rehab. Gaupne	9.970.000	3.320.000	planlagt	2018	2019					
1426001503	K-45 Hopp, Sogn skisenter	2.800.000	934.000	planlagt	2019	2020					
1426008504	Motorcross kl. C, motorsportanl	545.000	182.000	planlagt	2017	2018					
1426008501	Trail, motorsportanlegg	1.500.000	500.000	planlagt	2017	2017					

Vedlegg til planen

01: Oversikt lag og organisasjoner

- 01: Oversikt over lag og organisasjoner
- 02: Tilskot til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- 03: Anleggsregister pr. nov. 2015
- 04: Skjema for innspel til planarbeidet
- 05: Presentasjon av innkomne innspel (sjå pkt. D3)
- 06: Bakgrunnsmateriale for idrettsfunksjonell godkjenning
- 07: Handlingsplan for idrettsanlegg og nærmiljøanlegg
- 08: Kart (blir lagt til etter at planen er vedteken)

Luster kommune har i forhold til folketalet mange lag og organisasjoner.

Idrettslag:

	Registrert tal medi. 2015 / under 20 år:	
Hafslø idrettslag	609	260
Idrettslaget Bjørn	772	418
Idrettslaget Fanaråk	209	49
Luster idrettslag	261	105
Veitastrond Idrettslag	101	25

Fortun bedriftsidrettslag (Hydro)	ikkje rapportert	
Stabil (Statkraft)	ikkje rapportert	
Sum:	1752	857

Skyttarlag /skytekubbar:

Dalane og Jostedal Skyttarlag	ikkje rapportert	
Fortun Skyttarlag	69	22
Kinsedal Skyttarlag	ikkje rapportert	
Gaupne Skyttarlag	ikkje rapportert	
Hafslø Skyttarlag	192	33
Indre-Hafslø Skyttarlag	ikkje rapportert	
Veitastrond Skyttarlag	ikkje rapportert	
Indre-Hafslø Skytekubb	ikkje rapportert	
Luster sportsskyttarlag	29	1
Sum:	290	56

Øvrige lag og friluftsorganisasjoner:

Luster Jakt og Fiskelag	280	54
Luster Turlag	657	177
Luster Røde Kors	ikkje rapportert	
Sogn Paraglider Klubb	ikkje rapportert	
Sogn Cykleklubb	ikkje rapportert	
Sogn Snow Surfers	ikkje rapportert	
Jostedal Nutleikarlag	ikkje rapportert	
Luster Hundeklubb	142	5
Skjolden og Fortun Båtlag	ikkje rapportert	
Marifjøra Vel, Småbåthamna	52	2
Gaupne Båtforening	56	1
Høyheimsvik småbåthamn	ikkje rapportert	
Sum:	1187	239

Seks lokale 4H- klubbar er samordna gjennom Luster 4H- nemnd.

02: Tilskotsordningar: fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kommunale tilskot

Kommunalt tilskot til drift (og mindre vedlikehald)

I budsjettet for år 2015 var dette kr 500.000.

Anlegg som er registrert i denne planen sitt anleggsregister kan søkja om driftstilskot.

Utgifter som inngår i driftsutgifter er: forsikring, straum, avgifter (renovasjon, vatn, kloakk), drivstoff, reinhaldsmidlar, nødvendig vedlikehald av anlegg under kr. 75.000, og til refusjon for leige av areal.

Kommunalt tilskot til nærmiljøanlegg (og større vedlikehald)

I budsjettet for år 2015 var dette kr. 500.000.

I denne budsjettposten ligg refusjon for vedlikehaldsprosjekt av private kulturhus og leikeplassar som er tildelte midlar frå tilskotsordninga.

Vedlikehaldsprosjekt av anlegg på meir enn kr. 75.000 skal søkjast på før oppstart og med bakgrunn i ein vedlikehaldsplan for anlegget. Vedlikehaldsplanen inneheld budsjett og kommentar på utstyr og materiell for å kunna gjennomføra sjølve aktiviteten i anlegget. Vedlikehaldsplanen kan strekka seg over fleire år, men må presenterast ved ein fyrstegongs søknad.

Kven kan søkja: Eigrar og dei som driv anlegg som er registrerte i denne planen.

Søknadsfrist: 1. mars

Søknadsskjema: Luster kommune sitt skjema for Søknad om tilskot til kulturføremål

Kor mykje kan det søkast om?

Drift og mindre vedlikehald:

- inntil 50% av totalkostnad.

Større vedlikehald og drift av nærmiljøtiltak:

- leikeplassar for barn inntil 50 % av totalkostnad.
- øvrige inntil 1/3 av totalkostnad.

Kommunalt tilskot - kulturtilstskot

Kven kan søkja: Lag og organisasjoner som dokumenterer aktivitet for barn og ungdom og som kan dokumentera talet på betalande medlemar.

Søknadsfrist grunntilskot og aktivitetstilskot:

1. mars

Søknadsskjema: Luster kommune sitt skjema for Søknad om tilskot til kulturføremål

Kor mykje kan det søkast om?

Sjå informasjon på søknadsskjema

Statleg tilskot - spelemidlar (tippemidlar)

Generell informasjon

Forskrift for spelemidlane vert revidert årleg.

Du finn heile forskrifta på internett under adressa: <http://www.regjeringen.no>

Under er nokre stikkord og viktigaste innhald i forskrifta.

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema på web: www.idrettsanlegg.no

Søknad om tilskot kan delast opp i 2 hovudgrupper:

1. **Ordinære anlegg**
2. **Nærmiljøanlegg**

I tillegg kan det søkjast om **tilskot til anlegg for friluftsliv i fjellet**.

Ordinære anlegg

Kven kan søkja: Kommunar, fylkeskommunar, idrettslag, andelslag eller andre samanslutningar.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at støtte i form av spelemidlar ikke skal danna grunnlag for fortjenestebaserte eigarformer eller omdannast til fortjeneste for private eigare. Som søkerar om stønad til anlegg med store byggje- og driftskostnader, f.eks. symje- og idrettshallar, kan som regel berre ein kommune, eventuelt fylkeskommune, godtakast.

Søknadsfrist: 15 juni er den frist lag- og organisasjonar har for å senda søknad om spelemidlar [til kommunen](#).

Kommunen sender søknadene vidare til fylkeskommunen innan 15. januar. Vedlagt søknadane skal det leggjast uttale frå idrettsrådet i kommunen samt kommunen si prioriterte innstilling med bakgrunn i communal plan for idrett og fysisk aktivitet.

For friluftslivsanlegg bør utale frå det kommunale organ for friluftslivssaker leggjast ved.

Søknadsskjema:

Alle søknader må vera på fastsett skjema og sendast gjennom Luster kommune:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema på web: www.idrettsanlegg.no

Krav om communal garanti ved kostnadskrevjande anlegg:

Departementet presiserer at dersom andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søker på store kostnadskrevjande anlegg (investerings- og driftsmessig), må det av søker krevast grundige planar for både finansiering og drift av anlegget. Dersom planane ikkje er tilfredsstillande dokumentert, skal søknaden ikkje imøtekommast.

Når andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søker må kommunen eller fylkeskommunen, garantera for at stønadsmottakaren ved eventuelt misleghald av vilkåra, tilbakebetalar tildelte spelemidlar til Kulturdepartementet, i tråd med dei generelle vilkåra for tilskot jf. pkt. 2.2.6. Garantitida vil vera 20 år.

Kravet til communal garanti vil gjelda alle tilskot over kr. 700.000, for nybygg og/eller rehabilitering av fylgjande anleggstypar:

- fleir brukshallar og spesialhaller som f.eks. fotballhallar, kunstishallar, ridehallar, symjehallar, bowlinghallar og tennishallar

- alpinanlegg
- golfanlegg, 18 hols bane eller større
- motorsportanlegg
- kunstisbanar (hurtigløp og/eller bandy)

Krav om skøyte/leigeavtale:

Kommunen eller anleggseigaren må eiga grunnen eller ha tinglyst leigeavtale på minimum 30 år. Kopi av skøyte/leigeavtale skal følgja søknaden. Unntaket er nærmiljøanlegg det er krav om leigeavtale på minimum 20 år.

Kor mykje kan det søkast om?

Dersom ikkje anna er bestemt vert stønaden berekna med inntil 1/3 av kostnaden opp til ein stønad på kr. 700.000. Det er sett ei nedre grense på godkjent kostnad på kr. 150.000 ved berekning av tilskot. For kart er nedre grense for godkjent kostnad kr. 75.000.

Krav til søknaden – i korte trekk:

(skal fylgja søknadsskjemaet som PDF-vedlegg)

1. **Forhandsgodkjente planar** med behovsoppgåve for anlegget. Dersom arbeida er sett i gang før det ligg føre forhandsgodkjenning (idrettsfunksjonell), er dette avslagsgrunn.
2. **Detaljert kostnadsoverslag.** Totalkostnaden for heile anlegget skal gå fram. Teknisk etat bør godkjenna/uttale seg om kostnadsoverslaget.
3. **Finansieringsplan.** Eigenkapital skal bekreftast med kontoutskrift frå bank. Kommunalt tilskot må bekreftast gjennom kopi av vedtaket. Lån skal vera bekrefta med kopi av lånetilsagn.
4. **Driftsplan.** Plan for bruk, drift og vedlikehald.
5. **Tinglyst skøyte/leigeavtale.**

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Anlegga ligg i hovudsak i tilknytning til bu- og/eller oppholdsområde. Områda skal vera fritt allment tilgjengeleg og vera berekna på eigenorganisert fysisk aktivitet – primært for barn og ungdom (alderen 6-19 år) – men også for resten av lokalbefolkinga. Anlegga skal ikkje dekka behovet for anlegg til organisert, fysisk aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Nærmiljøanlegg kan vera lokalisert i tilknyting til eit skuleanlegg og/eller idrettsanlegg, men eit krav er at nærmiljøanlegget er for eigenorganisert aktivitet.

Eksempel på nærmiljøanlegg:

Fleirbruksflater maks 2,4 daa, skileikanlegg, skateboard/rullebrettbane, hoppbakkar under K 20, tursti lenger enn 500 m, utandørs klatrevegg, ballvegg, ballbinge, offroad, nærmiljø-kart, vatningsanlegg i tilknytning til ball-løkker for islegging til skøyteaktivitet om vinteren, sandvolleyball, faste bordtennisbord, godkjente minimålbur, nettstativ, stativ for basketball m.fl. Fleire av anleggselementane kan med fordel kombinerast slik at ein får eit "multi-anlegg" for ungdom. Det vert understreka at anleggseigar har ansvar for tryggleiken ved anlegga. Tradisjonelle redskapsleikeplassar (sandkasse, huske, sklie, vippe, klatrehus osv. er ikkje stønadsberettiga.

Tekniske krav:

Sjå ordinære idrettslanlegg og eigne rettleatingshefter. Sjå også "Idehefte for tilrettelegging for uteaktivitetar i nærmiljøet – i skule og fritid.

Kven kan søkja?

Kommunen, idrettslag, velforeiningar, borettslag og andre samanslutningar. Det er eit grunnleggjande prinsipp at støtte i form av spelemidlar ikkje skal danna grunnlag for fortenevestebaserte eigarformer eller kunna omdannast til forteneveste for private eigarar.

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme til kr. 400.000. Desse anlegga treng ikkje vera med i prioritert handlingsprogram i kommunal plan, men kan takast inn ved den årlege rulleringa av planen. Slike anlegg må omtala i generelt i kommunal plan.

Søknadsfrist: dersom søknaden føreset kommunal medverknad: 15. juni.

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme over kr. 400.000. Desse anlegga skal inn i handlingsprogrammet i kommunal plan på lik linje med ordinære idrettsanlegg. Dei kan ikkje takast inn ved den årlege rulleringa. Ein kan søkje om spelemidlar opp til tre omgangar (tre byggetrinn). Maksimalt tilskot til ein anleggsstad vil altså vere kr. 600.000.

Søknadsfrist: 15 juni

Søknadsskjema: Elektronisk søknadsskjema på web: www.idrettsanlegg.no

Krav til søknaden – i korte trekk:

(skal fylgja søknadsskjemaet som PDF-vedlegg)

1. Prosjektplan med teikningar og beskrivelse
2. Plan for drift av anlegget
3. Behovsvurdering
4. Dokumentasjon for finansiering
5. Kopi av tinglyst skøyte/leigeavtale (20 år)
6. Kart som viser plassering av anlegget

Kommunen skal fylla ut side fire på søknadsskjemaet.

Meir informasjon om tilskot til mindre kostnadskrevjande finn du på internett:

03 Anleggsregister til Luster kommune pr. 08.07.2015

<u>Anleggsenhet</u>	<u>Anleggsnr</u>	<u>Status</u>	<u>Anleggsklasse</u>	<u>Anleggskategori</u>	<u>Anleggstype</u>	<u>Universell utforming</u>
Aktivitets- og friluftsbase, Hafslo	1426000711	Planlagt	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Ja
Aktivitetsanlegg flaummerke Fossøy	1426005802	Planlagt	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Ja
Aktivitetsanlegg, Hafslo skule	1426000703	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Ikke vurdert
Aktivitetsområde Luster hundeklubb	1426008201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Ja
Anlegg for Enduro	1426008502	Planlagt	Kommuneanlegg	Aktivitetsanlegg	BMX-anlegg	Ja
Anlegg for trail	1426008501	Planlagt	Kommuneanlegg	Motorsportanlegg	Motorsport Trial	Ja
Arentzbu	1426003204	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnatningshytte	Ikke vurdert
Arentzbu - Fåberg	1426003202	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	Ikke vurdert
Arentzbu - Nørdstedalseter tursti	1426003206	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	Ikke vurdert
Arentzbu - Skjolden	1426003203	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	Ikke vurdert
Arentzbu - Sprongdalshytta	1426003201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	Ikke vurdert
Badeplass Høyheimsvik	1426004704	Planlagt	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Badeplass	Ikke vurdert
Badeplass Solvorn	1426007501	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Badeplass	Ikke vurdert
Badepllassen i Haugsbukti, Skjolden	1426007701	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Badeplass	Ikke vurdert
Badeplassen ved Fladhamar	1426007601	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Badeplass	Ikke vurdert
Ballbane 36x18, Gaupne stadion	1426000104	Nedlagt	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbane	Nei
Ballbane, Hafslo	1426000709	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbane	Ja

ANLEGGSSREGISTER FOR LUSTER KOMMUNE PR. 2015

<u>Ballbinge skuleanlegga</u>	1426001007	Planlagt	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbinge	Ja
<u>Ball-løkke, Sandvik sør, Gaupne</u>	1426004901	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke	Ikke vurdert
<u>Balløkke Beheimfeltet, Hafslø</u>	1426004601	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke	Ikke vurdert
<u>Balløkke Nes</u>	1426004701	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke	Ikke vurdert
<u>Bjørk skytebane - 100m</u>	1426003001	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 100m	Ikke vurdert
<u>Bjørk skytebane - 200m</u>	1426003002	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 200m	Ikke vurdert
<u>Bjørk skytebane - skyttarhus</u>	1426003003	Eksisterende	Kommuneanlegg	Idrettshus	Idrettshus	Ikke vurdert
<u>Bollingberg lysløype - 2km, Gaupne</u>	1426003801	Nedlagt	Kommuneanlegg	Skianlegg	Skiløype	Ikke vurdert
<u>Bruflat treningsfelt - grasbane, Gaupne</u>	1426000107	Eksisterende	Kommuneanlegg	Fotballanlegg	Fotball gressbane	Ikke vurdert
<u>Buldrevegg, Jostedal</u>	1426002204	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Ja
<u>Dagsturhytte, Molden</u>	1426008001	Urealisert	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Dagsturhytter	Ja
<u>Dale skule - aktivitetssal, Luster</u>	1426004401	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Gymnastikksal	Ikke vurdert
<u>Dale skule - ballbane, Luster</u>	1426004402	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbane	Ikke vurdert
<u>Dale skule - Sandvolleyballbane, Luster</u>	1426004404	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane	Ja
<u>Dølaheimen ungdomshus - aktivitesal</u>	1426004101	Nedlagt	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Gymnastikksal	Ikke vurdert
<u>Dølaheimen ungdomshus - skytebane inne</u>	1426004102	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane (inne)	Ikke vurdert
<u>Ekservollen ballslette, Luster</u>	1426002501	Nedlagt	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke	Ikke vurdert
<u>Fannaråkhytta</u>	1426003314	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnatningshytte	Ikke vurdert
<u>Fast - overnatningshytte</u>	1426003103	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnatningshytte	Ikke vurdert

ANLEGGSSREGISTER FOR LUSTER KOMMUNE PR. 2015

Fivla - hytte	1426003701	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnatningshytte	Ikke vurdert
Fivla - Sikringsbu	1426003702	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnatningshytte	Ikke vurdert
Fjordstova - Aktivitetssal	1426004201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Gymnastikksal	Ja
Fjordstova - bad og symjeanlegg	1426004204	Eksisterende	Kommuneanlegg	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng	Ikke vurdert
Fjordstova - klatrevegg	1426004203	Eksisterende	Kommuneanlegg	Diverse anlegg	Klatreanlegg (innendørs)	Ikke vurdert
Fjordstova - skytebane inne	1426004202	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane (inne)	Ikke vurdert
